


Det norske språk- og litteraturselskap 2010.
Arne Garborg: *Haugtussa*.
Utgave ved Gudleiv Bø. Forord ved Idar Stegane.
Teksten er lastet ned fra bokselskap.no

Haugtussa

Forteljing

Arne Garborg

1895



Til deg, du Hei og bleike Myr
med Bukkeblad,
der Hegre stig og Heilo flyer,
eg gjev mitt Kvad.

Til deg, du visne Lyng um Haug,
der Draumar sviv,
eg gjev min Song um Dimd og Draug
og dulde Liv.

*

Eg kjenner deg, du Trollheim graa,
du Skugge-Natt!

Eg rømde rædd; men stundom maa
eg sjaa deg att.

Eg kjenner deg, du Havsens Marm,
med Galdre-Song;
du gauv meg Gru i rædde Barm
so mang ein Gong.

Eg kjenner Striden tung og sein
mot Trolldoms Vald.

Gud hjelpe oss for brotne Bein
og Mannefall!

*

Eg kjenner deg, — eg kjenner deg,
som *ikkje* vann! —

Eg saag din Strid, eg veit din Veg
i Skugge-Land.

Eg røynde sjølv den Striden stygg
i mange Aar,
med ville Mot, med bøygde Rygg,
med svære Saar.

Du um meg sviv, du hjaag meg sit,
du arme Aand!

I meg du enno riv og slit
i dine Baand.

Eg veit det væl: dei sterke Troll,

ein Baat i Foss, eit Kvad i Moll,
sløkket i eit Skrik. —

*

Men Lerka stig fraa gløymde Grav
med Sigers Ljod,
og Vinden stryker inn av Hav
so frisk og god.

Og um me kjenner Graat og Gru
og Saknad saar,
so maa me Lerkesongen tru,
som lovar Vaar.

Heime

Veslemøy ved Rokken.

D'er Haust. Det ruskar ute
med Regn og kalde Vind.
Smaafuglen flyg mot Rute
og vilde gjerne inn.
Men under Omnen god,
der ligg paa Sekke-Pute
han gamle Mons i Ro.

Der ligg han trygg og drøymer
og blinkar stilt og smaatt
og alt i Verdi gløymer
og hev det varmt og godt.

Og seier ingen Ting,

men liksom inn seg gøymer

med Rova sveipt i Kring.

Som Silke-Nøste fine

han ligg i mjuke Skinn

med Svevn i kvar den Mine

og alle Kløer inn.

Og glyrer likesæl

med kloke Augo sine

og murrar smaatt og mêl.

*

Skal vita kor du vankar

i blide Draumar no?

Kann henda dine Tankar

seg svæver linnt til Ro

i gamal Minne-Krins,

som stilt i Hop seg sankar

fraa den Tid, du var Prins?

Venaste Prins i Verdi

du gjekk i Skogen grøn

med Gullhaar yver Herdi

og ung og keik og kjøn

og tenkte paa den Møy,

som gjekk og henta Bæri

so vide under Øy.

Daa kom den Trollheks blide

med Sving og Sveiv og Svins

fraa Trolleheimen vide

Men skræmd han fraa ho skvatt.

Daa las ho Trollbøn stride
og gjorde han til Katt.

Sidan so vidt han flakkar
igjenom Skog og Skar,
langt yver Berg og Bakkar
og kjem til okkons Gard.

Her kan i Ro han døy.
Her vil han kvila, Stakkar,
og tenkja paa den Møy.

Aa hu! det ruskar ute
med Regnvind sur og graa;
Smaafuglen flyg mot Rute
og liksom bankar paa.
Men under Omnen god
du Mons paa Sekke-Pute
skal drøyma lognt i Ro.

Kvelding.

Snøen fell
i graae Kveld
stilt or mjuke Lufti.
Stilt og tett,
lint og lett,
legg som Dunseng mjuk og slett
dunkvit yver Tufti.

Veslemøy

vondlar Høy

i den myrka Løa.

Nisselaatt

kvesar smaatt;

Tuftekall seg likar godt,

naar Buskap fær si Føda.

Gamal Kar

han er i Gard;

strengt han all Ting agtar.

Fylgde blid

fraa fyrste Tid

med i baade Stræv og Strid,

og helst han Fjose vaktar.

Difor og

veit han fjaag

kva han hev i Vente.

Graae-Kropp,

Raue-Topp

kvar den Kveld sin Mjølke-Kopp

fær av snilde Gjente.

Mat ho ber

til Kui kjær,

og kvar og ei ho kjæler.

Gjerne ho

stullar so;

altid var ho dyregod

og aldri Nissen fæler.

Varme Brunn

hit fraa Eldhus ber ho.

Fær so snøgt

Ljos i Lykt,

mjolkar Kui lognt og trygt,

og breddfull Bytta fær ho.

Stelt og god

Kui so

roar seg til Natten'.

Jortar smaatt,

legg seg godt;

Tuften kjem med enn ein Dott;

dansar so med Katten.

I Omnskraai.

Dei hev gjort fraa seg i Kjøk og Fjose,

men d'er for tidleg aa kveikja Ljose.

Lars Dreng maa stulla i Stall ei Stund

Ho Mor, ho tek seg sin Skómingsblund.

Daa inn dei tuslar fraa andre Garden,

han litle Per og ho snilde Maren.

Det er so varmt i den logne Kraa,

og no dei Sogur vil høyra paa.

Det er den Moro, dei helst vil velja;

og Veslemøy kann so godt fortelja.

Det gjeng med Segner og Æventyr

og løgne Rispur um Troll og Dyr.

«Han Helge Haaland so vide jagtad;

ein Gong i Byen han laag og slagtað.

Men daa han kom seg til Holmesylt

paa Veggen heimatt, daa vart han tryllt.

Det var som Fjelli dei hadde flutt seg;

det var som Leiderne hadde snutt seg;

og Jord var Vatn, og Vatn var Jord,

og Hav var Fjellgard, og Sud var Nord.

Han hadde gløymt, kor han heime budde;

i Ring han tullad, og so han snudde.

Attende bar det so snøgt som Eld;

det leid paa Tidi; det var alt Kveld.

Han kjende plent som det saug og drog 'en.

Med ein Gong stod han i Vatneskogen.

Daa vart han fælen, det maa de tru,

og andre Gongen so laut han snu.

Og berre Søyla han gjekk og glatt i,

og meir og meir vart det svarte Natti.

Og Leidi burte var so for han,

som han skuld' vera i framandt Land.

Og langt og lengje han gjeng og flakkar;

sist stend han ør millom bratte Bakkar.

Her aldri fyrr han i Verdi var.

Men so med ein Gong han finn ein Gard.

Og glad vart han, der han stod forlegen,

og inn han gjeng og vil spyrja Veggen.

Men aldri Ordet so fær han frett.

For slik ein Gard hev vel ingen set.

Det berre glimar og glør og blenkjer
fraa Krakk og Kraa og fraa Bord og Benkjer;
og Perlur hev dei um Hals og Haar,
og Sylvstas singlar, kvar Gong dei traar.

Han gløymer reint, kva det var han vilde,
og alle her er so hjarte-snille.

Dei stullar um han i Rad og Krins
med Drykk og Mat som han var ein Prins.

Han gløymer heime og alt der ute;
snart er han sessa paa Silkepute.

Der sit han stirer og er som ør;
d'er nett han svarar, naar nokon spør.

So tidt han tyrster, so kjem med Krusi
den vene Dotteri der i Huse.

Slik Dros i Verdi han aldri saag;
reint som ei Hildring det um ho laag.

Han ser paa Gjenta som vil han daana;
ho smiler til han, so han kann braana.

Den Gamle nikkar og seier daa:
«um du ho likar, du kann ho faa.»

«Ja fær eg henne og dertil Garden,
so kund' eg aldri bi betre faren.»

«Ja Garden fær du, naar fraa eg fell,
og Bryllaup held de i denne Kveld!»

Og alt gjekk godt til um Notti seine,
daa dei i Brudkôven vart aaleine.

Daa alt med ein Gong han skyna maa;

Daa baade fæla han maa og flira,
og upp han Kniven sin dreg or Slira; —
i same Stundi det gjekk eit Rop,
og svart og burte var alt ihop.

Han fann seg att under Haalandsaasen
med vondt i Hovde og vaat og frosen.
Daa alt forstod han: i heile Gaar
han hadde gløymt lesa Fadervaar.

Men sidan tidt, naar han einsleg staaka,
han denne Huldremøy atter raaka,
og daa med Taarer ho klaga seg:
«du kunde frelst baade meg og deg.»

Det er nok mange i Haug og Hamrar,
som gjeng og lengtar og stilt seg jamrar;
dei saknar saart baade Sol og Dag;
men talmast maa dei i Tusselag.»

Sporven.

Smaa-Sporven gjeng i Tune
og tippar Konn og ribbar Straa
og hev so god ein Une
og lær aat Katten graa.
Pip, pip, det so seg lagar
alle Dagar,
at Monsemann meg jagar,
men kann meg aldri faa.

Eg er so lett paa Vengen,
og Mons maa sleikja seg um Trut;
kvitt, kvitt, den gamle Drengen,
han fekk so mang ei Sut.
Og um i vide Ringar
Hauken svingar,
eg burt meg kverv og kringar
og slepp av Leiken ut.

Eg liver Dagar lette
og er fornøgd, aa ja, aa ja!
Kvar Dag eg fær min Mette
som eg det best vil ha.
Pytt, pytt, tarv aldri røa!
Nok i Løa!
Der ligg den rike Grøda;
der kan eg berre ta.

Og tidt eg fær i Joli
ein Godbit fin av Veslemøy;
og frys det, hev eg Skjol i
det gode varme Høy.
Og so — kvitt-kvitt, Gomaar'n!
so kjem Vaaren;
daa fri paa Vengen bôren
eg byggjer Reir paa Øy.

Det syng.

Linnver og Sus og skodde-vaatt.
Maaneglyttar i sprengde Nott.

Skodde maaneljos, mjølkekvit

skuggelett velter hit og dit.

Skuggar vaknar og driver av.

Susing syng fraa det stille Hav.

Livet drøymer i Trolldoms Bann.

Tung ligg Svevn yver Land og Strand.

*

Veslemøy søv i sin Omnskraabenk.

Linnt henne vekkjer ein Maaneblenk.

Dvaledøyvd, magtlaus, or Svevnen raadd

Skuggar ho skimtar i Maaneskodd.

Lett under Glas trippar Bukketraav.

Vinden susar med Sukk um Nôv.

Veks og voggar som Tonebrus.

Inn skjelv Song so linn og so fus.

*

Aa veit du den Draum og veit du den Song,

so vil du Tonarne gøyma;

og gilja det for deg so mang ein Gong,

rett aldri so kan du det gløyma.

Aa hildrande du!

Med meg skal du bu,

i Blaahaugen skal du din Sylvrokk snu.

Du skal ikkje fæla den svale Nott,

daa Røterne gror ned i Jordi;

du saag i Draumen det Maane-Slott

Det fr vest i Blund,
det gr nkar i Lund,
og Dagen ei kjenner den S le-Stund.

Du skal ikkje f ela den mjuke Nott,
daa Draumen sl er ut sine Vengjer
i linnare Ljos en Dagen hev aatt,
og Tonar paa mjukare Strengjer.

Det voggar um Li,
det sv vest av Strid,
og Dagen ei kjenner den S le-Tid.

Du skal ikkje f ela den djupe Nott,
som s v under svivande Eimar
og ser gjenom Gru og ser gjenom graatt
langt inn i dei draumhulde Heimar

og voggar deg linn
og lullar deg inn
fraa Dagen den tr ytte, av Soli blind.

Du skal ikkje r eddast den Elskhug vill,
som syndar og gr et og gl ymer;
hans Famn er heit og hans Hug er mild,
og Bj nnen arge han t ymer.

Aa hildrande du!
Med meg skal du bu,
i Blaahaugen skal du din Sylvrokk snu.

Fyrevarsel.

Veslemøy ligg og drøyer
i Morgonstundi graa
og ser si sæle Syster
for Sengebenken staa.
Mjukt fløymer det kvite Lakan
ikring den Skapnad fin;
so vent det skimrar og lyser
med underlegt Bivreskin.

Eit Staup av Sylve klaare
i magre Hand ho ber.
Dei store stille Augo
med Sorg paa Veslemøy ser.
«Du arme, unge Syster!»
ho kved med kjærleg Sut,
«her er den Kalken djupe,
som du skal tøma ut.

Du hev den tyngste Lagnad,
som nokon her kan faa.
Det som i Nott seg løyner,
det skal du skilja og sjaa.
Di legg det svikefulle
Snaarur i Vegen din
og lillar lint og lokkar
og tryller ditt unge Sinn.

Aa sjaa deg, sjaa deg fyre!
Du hev so myrk ein Veg.
Men naar du ut vil glida,

eg er ikkje langt fraa deg.

Aa sjaa, aa sjaa deg fyre!

Vegen er myrk og glatt.

Men ljuv er ljósande Morgon

alt etter den tunge Natt.»

Veslemøy vak med Glede

vil helsa si Syster god.

Daa lyste gjennom Rute

den fyrste Morgon-Glo.

Den sæle, kjære Syster

gleid burt i Ljosken linn.

Det drogst ein Sukk, som døydde

i vaknande Morgonvind.

Sundagsro.

Frosten knakar

i Nov og Vegg;

Soli gløser

og søv og legg

sit Eldskin raudt yver Snøen.

Frostskodda heng

som svivande Bru

yver Isar og Hei

i Upp og i Sud;

men fri ligg vinterstill Bøen.

Inne ho Gamlemor

brille-klok

ved Bordkanten uppe

lês i si Bok

og tenkjer paa siste Ferdi.

Ved Omnen jønraud

Ungdomen sit

og steikjer Skivur

og knaskar og ét;

det er det beste i Verdi.

*

«Kva er det, som tyt og aldri tegjer

i villande Hei?»

«Bekken han tyt og aldri tegjer

paa langande Lei.»

«Kva er det, som høgger heile Dagen,

og Flis ikkje fell?»

«Klokka ho tikkar heile Dagen

og lange Kveld.»

«Stova full av den graae Ull,

som ingen kan taka?»

«Røyken er denne lette Ull,

som ingen kan maka.»

«Det kjennest paa mjuke Kattesnute

baade varmt og kaldt;

d'er ikkje inne og ikkje ute,

men tekt yver alt?»

«Og ikkje inne og inkje ute,

baade varmt og kaldt,
det er i Glaset den klaare Rute
med Tak yver alt.»
«Rundt som eit Egg og langande langt
som ein Kyrkjeveg?»
«Garn-Nyste er baade rundt og langt,
kan eg seia deg.»
«Fire heng og fire gjeng,
naar Lauvet det spretter;
tvo stend i Sky, tvo finn Vegen til By,
og ein diltar etter?»
«Kui med Jure paa fire gjeng,
naar Lauve det spretter;
Honn stend i Sky, Augo ser imot By,
men Rova sleng etter.»
«Brunt i Roti det lær til deg,
men kvitt uppi Toppen;
under eit Aaklæ det spelar seg
og gjer godt i Kroppen?»
«Ny-Ølet æser og brunt seg dreg
med Skumhatt paa Toppen;
i aaklæ-tekt Kjer so spelar det seg,
og gjer godt i Kroppen.»

«Um Vinteren veks eit underlegt Tre,

men minkar um Vaaren.

Roti snur upp og Toppen ned,

og smal er han skoren?»

«Jokulen er dette Vinter-Tre,

som minkar um Vaaren;

han heng under Take med Toppen ned,

og smal er han skoren.»

«Vaar Herre han fær det aldri sjaa,

men me ser det kvar Dag?»

«Sin Jamlike er det, han ei fær sjaa,

men som me ser kvar Dag.»

«Rotlaust veks det av lange Røter.

Um Dagen det skrid

paa tvo, men til Morgons paa fire Føter,

um Kvelden paa tri?»

«Mannen veks rotlaus av lange Røter

fraa Adam av.

Og fyrst han kryp; so gjeng han paa Føter,

men sist med Stav.»

Veslemøy synsk

I mjuke Kôle-Ljose
ved Omnen glødd og varm
ho Gamlemor snur paa Rokken sin
og tøyger den magre Arm.

Um skrinne, skrale Lekam
ligg Kjolen grov av Ull.
Hovue bøyger seg, sveipt i svart, —
ein nikkande Klædetull.

Med skrukne Knokehandi
ho dreg den lange Traad.
Rokken knurrar sin gamle Song,
som lite ho høyrer paa.

Rundt Golv um gamle Veggjer
som Bøyg i krullad Ring
gaper den skóme Skugge-Nott
og gløyper alle Ting.

Viker og fram-att dreg seg
or Myrkeheimen stor
og blundar stilt og geispar tomt
og drøymer rædd og glor.

Upp av den graae Skóming
stig som ein Aand or Grav
Skuggen av den Gamle sjølv
vinkande att og av.

Og Rokkeskuggen sviver
paa Veggen skakk og graa,
og Hovu-Tullen nikkar smaatt

Og Kôla brenn so dauvleg,
og Kôla brenn so blaatt;
ho tekst med tunge Tankar:
er noko tids i Nott?

Det græt um Nôverne ute,
det dunkar i Vegg og smell;
ei Uro prikkar i Barmen:
er noko tids i Kveld?

*

Daa stansar Rokken braadt,
og Kroppen lyer stiv; —
ho høyrer Stig; det spring
som galdt det Sjæl og Liv.

Ho høyrer Støn og Sukk
og strøypte Andedrag;
ho høyrer Bøn til Gud
og liksom Hjarteslag.

Ho reiser seg og gjeng
uroleg att og fram
og krossar seg og bed:
«aa Jesus, du Guds Lam» . . .

Og Klokka gjeng so seint,
og Klokka gjeng so smaatt,
og Klokka døyr og stansar . . .
— «Aa gjer det fredt i Nott!»

Og ute er det svart,

og ute uler Vinden;

— «aa gjer det fredt og trygt!

Og midt paa svarte Hei,

der flyg den Arming no

med Ryggen kald av Rædsle;

aa send ho heim i Ro!

Eg høyrer inkje meir . . .

Aa, lat kje noko skje!

Aa send mi Veslemøy

til Mor si heim med Fred!» — —

*

Daa høyrer ho paa nytt

den same skræmde Gang,

det same Andetak,

det same Livsens Sprang.

Upp Døri flyg med Brak;

inn stuper Gjenta kvit

med Munnen turr og open,

med Augo utan Vit . . .

«Mor . . . Mor, eg er so rædd.

Her er so styggt og svart.

Og, du, — i Grave-Hei,

der saag eg noko rart» . . .

«So, Baan; her er du trygg.

Her naar deg ingen Draug.

Kom, set deg. Vart du skræmd?

Eg hørde, kor du flaug.

Her; drikk ein Drope Mjølkk.
Og roa deg ei Ri.
— Eg kvakk! So væl eg aldri
visst høyrde Fylgja di.»

Veslemøy.

Ho er mager og myrk og mjaa
med brune og reine Drag
og Augo djupe og graa'
og stilslegt, drøymande Lag.
Det er som det halvt um halvt
laag ein Svevn yver heile ho;
i Rørsle, Tale og alt
ho hev denne døyvde Ro.
Under Panna fager, men laag
lyser Augo som bak ein Eim;
det er som dei stirande saag
langt inn i ein annan Heim.

Ho gjeng aat sin Omnskraabenk
og sê seg, men veit det knapt,
og tek denne Mjølkeskjenk,
og sit der roleg fortapt.
Berre Barmen gjeng sprengd og tung,
og det bivrar um Munnen bleik.
Ho er skjelvande sped og veik,
midt i det ho er ven og ung.

Syne.

«— Nei Mor, det kan du tru med Lit;

eg misste korkje Hugs hell Vit.

D'er ingen Draum, eg fer i.

Nei; væl eg veit, for fyrste Gong

eg saag inn gjennom Glytten trong

inn i den andre Verdi.»

— «Daa fekk du Feigmanns-Gjerdi.»

«Syt ikkje, Mor, for Veslemøy!

Det er kje eg, som burt skal døy

og meg i Naa-Ham hylja.

Men Bror din hev du misst i Kveld.

Eg møtte han i Grave-Dæld.

Han skein som Moreld-Bylgja.»

— «Aa, den, som kunde fylgja!»

«Det myrkna yver Haug og Hei,

og Skóming dulde Lengd og Lei.

Eg gjekk med Gud i Tankar.

Daa vart det stillt som djupt i Grav.

Det var som Verdi sovna av.

For Øyro Blodet bankar . . . »

— «Alt Dult i Myrkre vankar.»

«Eg vart kje rædd. Eg undrast smaatt . . .

Daa ljósna fram av tette Nott

ein Mann i Maaneskins-Lakan.

Eg kjend' han væl og venta stillt.

«Far væl», han kviskra kvævt og mildt.

Og burt i Lufti rak han.»

— «Gud i din Himmel, tak han!»

«Daa var det som eg lukta Lik,
og høgt i Heii gól eit Skrik.
Eg vitlaus vart og fæli
og sprang i Ørska villt min Veg,
til glad eg her fekk finna deg.
Men Minne er eg sæl i.»
— «Gud evig glede Sjæli!»

Haugtussa.

Ein Dag dei spurde
med Kolning um Munn,
at Mannen var daaen
i same Stund,
ja just i den same Time.

Daa skalv den unge
i Hug og Hold:
«no maa eg sjaa
baade Draug og Troll
og Gasten med Haari lange!»

«Gud trøyste deg daa,
du Veslemøy;
det vøre deg betre
du maatte døy,
so fingje du Fred i Jordi!»

«Aa helder vil eg
med Augo sjaa,
en dauv og blind

og ikkje det sanne skilja!» —

— Sidan saag ho
i Haug, paa Voll,
baade Nisse og Nøkk,
baade Draug og Troll
og Gasten med Haari lange.

Tidt mumlande gjekk ho
med myrke Ord
og skræmde stundom
si eigi Mor;
dei sa, ho vanta paa Vite.

I Lyngmarki nord
millom Haugar tri,
der gjekk ho gjætte
si meste Tid.
Og «Haugtussa» vart ho heitand'.

Jol

Ungdom.

Det er Joletid; det er Annandag.
Hjaa Gamlemor held dei sitt Danselag.
Dit flokkar seg Gut og Gjente.
Føre er fælt med Snø og med Slaps;
Vegarne er berre Grugg og Graps;
men alle so er dei plente.

Me veit kor det er i Ungdomens Tid;

etter all den kvardagsleg' Sut og Strid

ein Leik so hjarteleg smakar.

Og Gleda er gjæv og Gleda er kjær;

dei hoppar som Folar og Rundkast slær,

og spenner i Golv, so det brakar.

Og Guten drikk seg eit lite Mot;

so sullar dei fram paa dansande Fot

og held seg i varme Hender.

Aa hei! ropar Guten og svingar sin Arm,

og Gjenta smyg etter so sæl og varm

og lær med dei kvite Tenner.

Og Gleda svell i den unge Barm;

gløymd er baade Strid og Suter og Harm,

og Livet stormar og strøymer.

Hugen leikar og Auga lær,

Elsken gløder, og Hjarta slær;

det er Stunder, ein aldri gløymer.

Men vert det for mykje med Drykk og Braak,

og vaknar Sinne med Slaasting og Staak,

daa kjem han, den vonde Mannen.

Og sit i Kraai og flirer og glor.

Og daa gjeng det laust med Meinferd og Mord,

til dessmeir Hugnad for Fanden.

Daa fer ei Uferd so mang ein Gut,

og Gjenta kjem ut i Skam og i Sut,

og Gleda vendest til Vaade.

Di skal me fagnast paa sømeleg Vis

som unner oss Liv og Naade.

Laget.

Aa hau deg og hei, no tek Fela i,
og ho lær og læt,
og ho syng og græt;
aa kom, aa kom no, du Gjenta mi,
no skal me sulla saman.
Aa lengje gjekk me no kvar for seg
og lengta so langt
og tenkte so mangt;
no hev du meg her, og no hev eg deg;
det er so godt eit Gaman.

Aa hugsar du sist paa den grøne Eng;
eg sneidde og slo,
du breidde og lo;
so sat me kvilte paa Moseseng;
aa du, det var blide Dagar.
Eg saag paa deg og du saag paa meg,
og me lo so godt
og forstod so godt;
eg tenkte med meg: dette jamnar seg,
og sidan seg alting lagar.

Aa ja, du Gjenta mi,
det er so lang ei Tid;
eg seier fritt,
eg tenkjer tidt:

Her er so leidt og kaldt,
og d'er so langsamt alt,
men hadd' eg ho,
eg meiner no,
so sytt' eg kje meir for meg.

Aa hei! lat oss dansa, med Dansen gjeng!
no Soli ho snur,
og Joli ho snur;
lat gaa det paa Kar, lat gaa det paa Spreng!
No gjeng det paa rette Maate.
Til Vaars, kven veit, stend ein annan Dans;
hei! det skal bli Stell,
hei! det skal bli Smell,
ja daa skal me leika forutan Stans,
aa du, so glade og kaate.

Og rundt dei sviv
i laage Rom
med Hopp og Hiv
og Fele-Ljom,
og Guten rak
i faste Tak
si staute Gjente svingar.
Dei stormar paa
med Kast og Spend
fraa Kraa til Kraa
so Duren stend,
og Drengen blid
med Drosi si

Men Gjenta vår
med Smil og Spott
gjev snøgge Svar
til Glis og Laatt;
og Øle renn,
og Blode brenn,
og Slaatten kved og klingar.

*

Haugtussa ho sit i myrkaste Kraa
og ser paa og myler og mumlar;
ho ser det dei andre ikkje kan sjaa,
som villt seg i Dansen tumlar.

I Stova det kryr

med alle Slags Dyr;

dei hoppar som Skuggar og flyg og flyr.

Kvar ein og kvar ei hev Vardyvle sitt,
det fylgjer so trugje sin Herre;
det eine er svart, det andre er kvitt,
eit styggt og det andre verre.

Aa kunde dei sjaa!

Dei fælte visst daa

og Vondskapens Vegar seg vende fraa.

Han Topp-Ola Leite stroken og stram,
som sviv der med Midja den svange,
han hev til Fylgje ein Haneham
med Sterten og Sporarne lange.

han heve ein Sau,

og sløge Jo Bliland hev Reven raud.

Han Late-Knut Aase, Likesæl-Knut,

maa fylgjast med Feitsugga fæle;

han Andrias Haaland, den Gjentefut,

hev Bukken hoppand' i Hæle;

men søtmælte Svein,

som gjeng der so rein,

hev Vargen den graa' med dei lange Bein.

Med Slurve-Jens fylgjer ein utsvelt Gamp,

han fekk korkje Høy elder Vatten;

og Bjønner er med han Sterke-Lars Kamp;

men Haale-Jakop hev Katten.

Han Kristian Skar

vil vera slik Kar,

men Hare-Pus spring i hans Fotefar.

Ho Skravle-Guri ho hev ei Geit

med Honni som kvast kan rispa;

med Rund-Malli hoppar ein Smaagris feit,

og Flokse-Berit hev Tispa;

ho Mari der nord,

ho heve ei Skjor;

ho Langskankle-Rakkel hev Merri stor.

Ho Maren og Mette og Lisabet

og Stine fraa Storbrenn'-Møne

dei hev berre kvar-si Høne.

Men Meggja fraa Aas,

med Sylv under Laas

og Garden aaleine, ho hev ei Gaas.

So leikar dei rundt i lysteleg Dans,

paa tvo Bein og andre paa fire;

det svingar med Arm og sveiver med Svans

og dissar i Stokk og i Spire.

Daa høyrest det Traakk.

Inn støler ein Flokk . . .

Jau no skal me sjaa, her vert folksamt nok! —

Huldri or Haug,

Tuft og Dverg og Draug,

Bøyg og Bustetroll

bykser inn i Koll;

lufsar i Kring

lett som ingenting,

kravlar upp paa Kant og Kiste;

lempar seg Rom

midt i Staak og Ljom,

dansar der i Kraa,

ingen kan det sjaa;

Gryte og Kjel,

Honn og Tussespél

læt ein Laatt, som ingen visste:

Vatsdrope-Klunk, Bekkje-Surl i Jord,

Vindgraat av Vest, Baaresus av Nord,

Kviskring i Kraa, Dun av døyvde Ord,

Kvasl av Lauv, som fell fraa Kviste . . .

Sulle no, tulle no,

Graakall og Graakulle,

tulle no, sulle no,

svævd er Sol;

humpe no, hoppe no,

Graatopp og Graatoppe,

hoppe no, humpe no,

hau! d'er Jol.

Bummel,

Bammel,

Rokkedans og Rammel,

myrkt fraa Berg til Blaane.

Bammel,

Bummel,

Rangedans og Rummel,

sløkt er Sol og Maane.

*

Og villt og villare, hei! det gjeng,

hei! kringande deg,

hei! svingande deg;

no gjeng det paa Kar, no gjeng det paa Spreng,

no gjeng det forutan Maate.

Og aldri saag du slik Hurlumhei

med Sveim og med Staak,

med Bræl og med Braak;

det durer i Notti paa langan Lei,

og dei er fulle og kaate.

Tingel,

Tangel,

Rumledans og Rangel,

Brak i Bjønnekjole . . .

Og her er Guten, aa hei og haa!

gjenom Berg og Fjell,

gjenom Os og Eld;

aa vil du meg ha, so kan du meg faa;

eg fær naar eg berre peikar.

Aa kom med Truten, aa haa og hei!

Slik drusteleg Dreng

kan du faa i Seng;

det finst kje slik Kar, um til Rom du rei;

aa ser du, kor lett han leikar.

Tangel,

Tingel,

Vavredans og Vingel;

godt og myrkt i Joli . . .

*

— Veslemøy sit som tryllt og glør,

og tungt av Barm ho andar.

No gjeng det baade ned og nord;

for Troll og Folk seg blandar.

Og Ljoset dovnar. Myrkret meir

og meir seg saman ringar.

Tussar tumlar seg fleir og fleir.

— So stryk det upp med Springar:

Aa gjævaste deg,
eg giljar for deg,
aa sulla med meg
i sudeli-dudelidei.

Venaste deg,
aa venta paa meg,
no kjem eg til deg
i dudelidei.

Aa hildrande du,
no vil eg meg snu
og byggja og bu
i Haukeli-Haukeli-hei.

Gildrande du,
med meg skal du bu
og Rokken din snu
i Haukeli-hei.

Ragg skal du spinna,
Traad skal du tvinna,
Sokk skal du binda,
surelilei;
eg skal deg sulla,
stella og stulla,
hyggja og hu-
-delideia!

Vev skal me renna,
Rev skal me venda,
Brisk skal me brenna,
surelilei;
Vogga skal knaka,
Reinkrok skal smaka,
Braud skal me bak-
-elibeia!

Aa gjævaste deg!
aa gilja til meg,
og sulla med meg
i sudeli-dudeli-dei;

venaste deg,
aa venta paa meg,
no kjem eg til deg
i dudeli-dei . . .

.....

*

. . . Mjukt som i Graat
tonar Harpelaat,
lokkar lett og lind
liksom Sumarvind;
voggar seg blid,
strøymmer sterk og fri,
svævest av i Draum og Stille;

vaknar so spakt,
velter fram med Magt,
brusar upp i Brand
liksom Marm ved Strand;
søtt som i Blund
stig ein fager Lund,
elskhugsvarm, med sorgblid Trille . . .

Fram dansar ein Haugkall fager og blaa
med Gullring um Haaret, som fløymer;
han giljar for Veslemøy til og fraa,
og Tonar ikring honom strøymer.

Aa hildrande du!

Med meg skal du bu;

i Blaahaugen skal du din Sylvrokk snu.

Um Dagen er eg den brune Bjønn,
som bykser i Skogen vide
og laugar mitt Ragg i djupaste Tjønn
og vassar i Straumarne stride

og leikar i Strand

og raar yver Land,

so langt som ditt Auga det timja kan.

Men naar det lid til Midnattes Bél,
og Dagen i Haug er gjengen,
daa høyrer du Klunk og yndelegt Spel
som lindaste Lokking fraa Strengen;

daa kjem eg til deg

fraa villande Veg

og søv i din Arm, til det vekkjer meg.

Men du skal sitja i Blaahaug Brur
i Silke og Sylv, so det bragar
og aldri kjennast saar elder stur
i alle dei Levedagar.

Aa hildrande du!

Med meg skal du bu,

i Blaahaugen skal du din Sylvrokk snu.

Han rettar ut si bleike blaa Hand;

ho skjelv av Uro og Otte.

Men daa den Møy skuld' kyssa den Mann,

daa hadde han Munn som ei Rotte.

«Aa Jesus!» — Ho bed

um Frelse og Fred

og sig i Uvit av Benken ned.

I Gjøtlebakken.

Vindtrolli.

Tsjuh! huh! seier Nordan-Kvitskjegg,

han hiver med myrke Vengjer.

Det yler og kvin yver nakne Hei,

det kvitnar um Aas og Engjer.

— Tsju.....

Tsju-hu-huh! seier Nordvest-Istroll'

det velter Skip og Stamnar.

Have rørest av djupe Grunn

og bryt paa femtan Famnar.

— Tsju.....

Tsjui-lu! seier Vestan-Havmann,

han kjem so vide av Sjø.

Lett leikar den Gut um brune Bakkar,

men lite so er han stø.

— Tsju.....

Tsjui-lu! seier Vestan-Havmann,

han er so salt og vaat.

Han lokkar med Sol og Blaaning blide,

men helst det ender i Graat.

— Tsju.....

Tsju — su! seier Austan-Bergkall,

han er so kvass og klaar.

Han kjem fraa alle dei ljose Tindar

med Snøhatt um snøydde Haar.

— Tsju.....

Sulilu! seier Sunnan-Ljosalv,

han susar i Lauv og Lyng.

Blomar hev han i fløynde Haare

og blæs paa Fløyte og syng.

— Tsju.....

Sulilu! seier Sunnan-Ljosalv;

daa er det godt aa gjæta.

Daa er det lognt under solvarm Stein;

daa vil mine Lam seg kjæta.

— Tsju.....

Sulilu! aa du sæle Sumar,
med Sol i Bakke og Brôt.
Daa søv eg i Lyngen min beste Blund
og vaknar utan Graat.
— Tsju.....

D'er kje greidt.

Aa Stakkar kor du kulsar, du snilde Sauen min,
i dette Ruske-Regne og denne vaate Vind! —
Der under Alve-Steinen, der er ei Livdekraa;
der fær du inn-aat kryla og prøva, um du maa
Lindring faa.

Men Kui ho vil heim att; det er so stridt eit Jag;
ho hev kje Fred i Marki paa slik ein Regnversdag.
Men tomt det er i Løa; kva ska me gjera der?
Me fær no helder stogga og freista, um me fær
noko her.

Attunder Rundehaugen, der er kje fullt so stridt;
der fær me trøyta Tidi, du gode Buje mitt!
Og kanskje Huldri slepper oss inn ei Stund hjaa seg;
ho veit kor vondt me lider i Dag paa Gjætle-Veg,
de som eg.

Alt tek det til aa renna ned etter Ryggen min;
ufyse er det vaate innpaa det varme Skind!
Og Foten sokk i Myri, og Høl der er paa Taa,
og vaat og tung vart Stakken; aa snilde Ku, du maa
roleg gaa.

Eg frys so snart eg fær vel min Styng innunder Barm;
daa lyt eg heim meg skunda til Mor i Stova varm.
Daa fær eg skifta Klædi og kvila meg ei Stund,
og de fær Mjøl og Syddre og gode, varme Brunn
aat svoltne Munn!

Fuglar.

Kra! Kra! seier Kraaka,
ho flyg so tungt under Sky.
Ho klær seg i Vadmaal godt og graatt
utan Stas og Kjøpe-Ty.

Ho gjeng paa Aakren i Flokkar
og veit seg so klokt aa snu.
Ho er seg so vyrdsleg ei Bondekone,
men ingen skal henne tru.

Ho gjeng i sitt lovlege Yrkje
der kringum Gjerde og Vegg;
men naar ein so skal sjaa seg til,
so hev ho tekje Egg.

Skrat! Skrat! seier Skjori,
ho hoppar so lett i Kring.
Skvatrar og vippar paa Vêle sitt
og duger til ingen Ting.

Det er ei Fantekjering;
ho fer med Slarv millom Tre.
Ho garpar og gjøner og lær og lyg,

Kvirrli-kvitt! seier Staren,
der svartgrøn i Sol han skin;
han er so hoppande glad ein Unge,
og plent som ei Perle fin.

Tipp, tipp! seier Erla,
der stilt ho hoppar og smett.
Ho er som ein liten Barnetanke
so rein og blaa og lett.

Smekk! smekk! seier Steindilpa,
ho smattar so trygt og turt.
Men vesle brune Fuglekongen,
han kjem millom Blomar burt.

Tirli-ti! seier Lerka,
ho stig og stig imot sky.
Kvar Gong ho tirlar i Morgonstundi,
daa verter Verdi ny.

Tirli-li! seier Lerka;
ho sviv under Kvelven fritt.
Kvar Gong ho tirlar i Morgonstundi,
det kitlar i Hjarta mitt.

Vi—vipp! seier Viba,
ho rid seg so høg ein Hest.
Fjør hev ho i Hatten, og Fløyels Kufte,
og kvite Silkevest.

Eg kjenner so væl dei vene Eggi
i grøne Tuve-Reir.

Eg tok dei; men Mori bad saa saart;

— eg gjer det aldri meir.

Men Heluna, vene brune Fuglen

med svarte Fløyels Barm, —

kvar Gong ho fløytar paa lynggraa Tuve,

daa vert eg i Hjarta varm.

Men Heluna, vene brune Fuglen,

som stig meg so stilt imot, —

kvar Gong ho fløytar paa lynggraa Tuve,

det græt meg i Hjarterot.

Under Jønsok.

Sunnan-Regn, Sumar-Regn

droplar lint fraa lettslørð Himmel,

svalar sælt den svidde Lufti,

doggar mjukt dei brende Bakkar.

Drys og droplar godt og lengje,

lækjer Jordi, laugar Vaaren,

held so etter velgjort Arbeid

mildt og rolegt upp mot Kvelden.

Og det opnar seg og andar,

Blom og Blad og alt som lever,

Stylk og Straa og friske Lyngtopp,

Pors og Brisk og beiske Tribblad.

Andar ut si varme Sæle

i dei tusund, tusund Angar,

tusund friske, fine Angar, —

til som Balsam Lufti fløymer.

Og ein Klaar-Eim sveiper Jordi,

Eim av Livsens Elsk og Yljing

som det lette Slør um brune

runde, kjælne Brurebarmar.

Veslemøy med stille Buskap

driv imillom Rundehaugar

nord ikring den svarte Tjønni,

som gror att med Myr og Mose.

Faarleg er den Hengje-Dinsa

klædd med Bær-taag og med Myrull;

ned-paa svarte Evjebotnen

søv ein Lyngorm lang og diger.

Men i Bakken Fee beiter,

nippar av den unge Lyngtopp;

Lammi dansar rundt ikringum;

søkjer so si Mor og pattar.

Og som skire Sumarkvelden

legg seg mjuk um alle Markjer,

og den ljose, varme Kveld-røyk

hildrar alt i Dis og Dimme, —

daa sin Bunding burt ho gløymer,

Veslemøy, der still ho vankar,

og i tankelause Tankar

sig ho av og ser og drøymer;

ser det livna under Leite,

ser det vakna millom Steinar,

ser paa hulde Aaker-Reinar

fager Bøling søkja Beite.

Haugmøy i den blaae Stakken,

sit paa Tuva under Bakken
og straar Salt aat Kyrne sine.
So ho reiser seg og lokkar,
Haaret fløymer yver Herdi; —
Bøling vent i Rad seg flokkar,
og mot Fjelle rekkjer Ferdi.
Ku for Ku, og gamle Dimmeld,
Stuten stor, som etter ruggar,
synest som ei Rad av Skuggar
mot den ljose Nordan-Himmel.

Ut er slokna Avdagselden;
graae folnar alle Skyer.
Verdi ligg i Draum og lyer,
og det gjeng som Song i Kvelden.

*

Langt det vart aat dykk og meg
inn-um Heime-Helle;
no aat Sumarstøl me dreg
under Skarefjelle.
Kom no, kom no, Kyri mi!
Svalt det er i Skare-Li.

Ku-saata!

Ku-saata!

I Liderne Lur skal laata.

Kom Kyri!

Kom Dyri!

Kom Dimmeld og Dros,

kom Randeliros,

um Kveld!

Under Nordan-Aas er godt,
inn-i Huldre-Hagen.

Lang er der den logne Nott,
stutt er Solbrandsdagen.

Og i Berget svalt og stilt
er der Livd mot olmt og illt.

Og naar Skodda sig um Aas
og kvar Solglytt jagar,
driv me rundt paa Ville-Raas
og hev gode Dagar.

Sky og Skodde yver Li, —
daa er Huldri trygg og fri.

Ofte daa i svale Kveld
Trollgut for meg giljar,
lovar meg sitt heile Fjell,
um eg er til Viljar.

Men so faatt eg fagnast kan
med det tunge Troll til Mann.

Huldri gjeng i harme Sut,
maa i Elskhug brenna
til den ljose Dagsens Gut,
som ho ei fær kjenna.

Gjerne bytt' eg Ham og Haatt,
um med han eg fekk det godt.

Soli stig og Soli gjeng,
Vinter kjem og lakkar;
utan Ven og Brureseng

Huldri veglaus flakkar.

Lei er lange Lengtings Brand;

aldri kjem den ljose Mann.

Ku-saata!

Ku-saata!

I Liderne Lur skal laata.

Kom Kyri!

Kom Dyri!

Kom vanka med meg

den villande Veg

um Kveld!

I Slaatten

No Ljaaen han syng paa den saftige Voll,

og alle Smaablomarne slær han i Koll,

og Grase av Roti han sopar.

Det gjeng seg so lett i den doggmjuke Eng;

i Skaararne svingar seg Dreng etter Dreng

og slær, so or Vegen det ropar.

Ja svinga, du Slaattar, og Vollarne snøy!

Det angar so godt av det nyslegne Høy

som Verdi var full utav Blomar.

Det legg seg ein God-daam um Bakke og Bygd;

det er som ei Ørske av Nøgd og av Trygd;

det angar so hjarteleg Sumar.

Og gjev det vil skifta med Sol og med Vind,

so all den Guds Gaava dei godt kan faa inn!

Ja gjev oss ein Terre so god og so traust!
daa tarv me kje fæla den folnande Haust,
og Jol skal me halda med Gleda.

Veslemøy undrast.

Gjentunn' breier, der Gutann' slær;
so ropar dei til kvarandre og lær.
— Me veit, naar det er so laga —.

Ja lett det gjeng med Lentur og Fjas
paa Vollen der i det fallne Gras.
— Me veit, naar det er so laga —

Og skjemta og fjasa — lat gaa med det;
det gjer eg kanskje ein Gong, eg med.
— Me veit, naar det er so laga —.

Ja tenk, um eg raaka den Guten snilde,
som ikkje aat Haugtussa flira vilde!
— Me veit, naar det er so laga —.

Ja skjemta og fjasa, — det skil ikkje meg;
men tenk, at Gjentunn' vil gifta seg!
— Me veit, naar det er so laga —.

Um Guten er ven, naar han liten gjeng,
so vert han stygg, naar han veks til Dreng.
— Me veit, naar det er so laga —.

Og endaa um Drengen seg visa kan,
so vert han eit Troll, so snart han er Mann.
— Me veit, naar det er so laga —.

Ja tenk! at dei lokkar dei til aa fria!

Og tenk, at dei kan til Kyrkje rida!

— Me veit, naar det er so laga —.

Dei veit, dei hev berre vondt i Vente!

Men endaa ingen vil gaa som Gjente.

— Me veit, naar det er so laga —.

Gjenta hev Moro, Kona hev Slit;

men endaa hev dei so lite Vit.

— Me veit, naar det er so laga —.

Nei fyrr eg vil byta mit Gjente-Kaar,

fyrr gjeng eg og gjæter i hundra Aar.

— Me veit, naar det er so laga . . .

Og fyrr eg vil inn i den Suti hard,

fyrr gjeng eg og bed meg i kvar Manns Gard.

— Me veit, naar det er so laga . . .

Ja fyrr eg vil dragast med Baan og Mann,

fyrr gjeng eg Fanteferd Land og Strand!

— Me veit, naar det er so laga . . .

Skjemta og fjasa eit Gran, — lat gaa;

men kyssa eit Skjegg! Aa langt derifraa! —

— — Det var, — um det var so laga.

Dømd

Det kveldar um Haust yver laage Land.

Eit Havbrak vaknar ved Nordan-Strand.

Blaakalde Skyer kviler i Vest.

Dagsens Auga sløknar og brest.

Myrarne søv under Taake-Feld.

Aasus varslar i stille Kveld.

Trolldom lurar i Jordslags Eim; —

Veslemøy hastar med Smalen heim.

*

Men nede paa Bøen, ved Elvestrand

saag ho ein underleg, gamall Mann.

Knebrok had' han og Kufte sid;

hørde kje heime i denne Tid.

Daa fekk ho so hjarteleg vond ein Kvekk;

ho kunde kje koma av tverran Flekk.

Men Mannen tusla paa Elvebard

der attum den eldgamle Skiftesgard.

Tusla og stræva forutan Ro,

sleit og lyfte, men Garden stod.

Lyfte og sleit utan Ro og Rast,

men Steinarne laag som i Muren fast.

Daa skreik han og grét av Barmen trong,

skreik og grét, til det vart som Song.

*

Eg hev som vigde Mammons Træl

for vesal Vinning selt mi Sjæl;

for dette arme Stykkje Jord

eg fraa meg Fred og Frelse svor.

No finn eg aldri Heim og Hamn,

Gud hjelpe meg i Jesu Namn!

Den ut er dømd or Himmerik',
som her i Verdi gjorde Svik;
han misste Ord, han misste Tru
og kan kje millom Vener bu.
No veglaus driv min brotne Stamm,
Gud hjelpe meg i Jesu Namn!

Eg gjekk som ærelause Svein
og flutte denne Deildestein;
eg braut mitt Ord, eg braut mi Tru
og kan kje millom Vener bu.
Eg finn kje Fred og Faderfamn,
Gud hjelpe meg i Jesu Namn!

Dei vil ta henne

Maaneskinsmøyarne.

Jordi søv i sitt Vinterlin.
Bjørki den unge, rimkvit og fin
stend som i Sylve skôri,
elder som bygd av Stjerneskin.
Jordi søv i sin Vinterblund.
Maanen lyser paa Himmelrund.
Tusund av Diamantar
glimar um Grein i den frosne Lund.
Braakveikt blenkjande, straalerein
lyner den Glitring um Kvist og Grein.

Det er liksom Lunden livde,
straadd med Perlur og Glimestein.

Stirande inn i den sylvblaa Glans
Veslemøy stend utan Hugs og Sans;
daa ser ho med ein Gong Møyar,
kvite Møyar, som gjeng i Dans.

Kvite Møyar, som gjeng i Ring;
stille sviv dei i stive Sving.

Det er som ein Dans i Draumar
til Takt av lette Sylvklokke-kling.

Bygde er dei av Lufti blaa;
Kjolar av Maaneflor hev dei paa,
sauma med Stjernegitter,
løynande lett dei Barmar smaa'.

Haare flyt i vallande Flaum
ned yver Rygg som ein sylvgraa Straum.
Matt yver bleike Vangar
Stjerne-Augo i stille Draum.

Aldri saag dei den varme Dag;
stilt der er i det Ungdomslag.
Stivt dei i Dansen smiler.
Kalde søv desse Andlits-Drag.

Lengje tryllt maa Veslemøy staa,
drøymd den Dansen stirande paa.
Daa nikkar dei som til Helsing,
og kverv i Luft som ein Frostrøyk graa.

Heilagbrôt.

Ho tuslar stur i Kring
og lite mæler
og frys um tronge Bring
og ymist fæler.

Skal snart ho av og bu
paa Drauge-Øyar?
Kva vil dei henne tru,
dei bleike Møyar?

Ho gjeng i kalde Vind,
men heit maa brenna.
Den vonde Styngen sin
ho att fær kjenna.

Imillom Ku og Lam
ho gjeng og drøymer
og vimar att og fram
og all Ting gløymer.

Ein Sundag med si Mor
ho gjeng til Kyrkja
og vil med heilagt Ord
sin Vanhug styrkja.

Det heng fraa Have inn
med Musk og Væte.
Døyvt syng i Skodda stinn
det Klokke-Læte.

Der millom Grefter sein
og hugtung rek ho.
Der ligg eit morkje Bein;

det til seg tek ho.

Ved Barm med vyrdsam Agt

ho vil det líva;

det skal den vonde Magt

fraa henne driva.

Kravsmannen.

Ho ligg um Nott i Benken sin

og lyer paa den tunge Vind,

som læt og græt um Stova.

Og Timar sig so smaatt um Senn.

Ho frys og skjelv og stundom brenn,

og aldri fær ho sova.

Som so ho ligg der mod og ør,

det bankar hardt paa Ute-Dør,

og henne just det varar.

Ho upp og ut og kring seg ser.

Er Folk paa Veg i slikt eit Ver?

— Ho spør, men ingen svarar.

Tri Gonger slik ho fara maa;

men inkje Liv der er aa sjaa.

Daa maa ho ottast Faare.

Ho breier seg i Benken ned,

og so med Munnen att ho bed

tri Gonger Fadervaare.

Som der ho ligg i Sveitelaug,

paa Golve blaanar fram ein Draug,

Han stend og stirer still og kvit.

So hinkar han aat Sengi hit;

tungt dreg han eine Foten.

Av Rædsla naami ligg ho kald

og kjenner seg i Daudmanns Vald,

og Halsen inn seg snører.

Den daude med sin valne Arm

famlar seg inn aat strøypte Barm

og ved det Beinbrôt rører.

«D'er mitt, d'er mitt,» han mullar haas;

«du braut den sterke Vigsle-Laas

og stal mi Kneskjel-Spilra;

kom att, kom att, legg Beine ned;

fyr fær eg ei i Jordi Fred,

men maa som Dauding vildra.»

Han kverv, og smaatt ho vaknar or

og graatande hjaa Gamlemor

i Storeseng seg gøymer.

Til henne alt ho seia maa.

Daa finn ho Ro, daa ser ho Raad.

Og snart i Svevn ho drøymer.

Men ute Vinden strøymer.

I Skodda.

Ho stend for Glase, der Regne dryp.

Ved Barmen hev ho ein Daudingklryp.

Daa vaknar paa nytt det kalde Agg;

ho paa seg riv sine Kyrkjeplagg.

I Linduk legg ho den Beinstubb inn

og hastar til Kyrkja i Skodd og Vind.

Der grev ho aat Beine so trygt eit Reir.

Men daa ho skal sjaa, ho hev det kje meir.

Som klumsa stend ho, leitar og bed;

men burte er Duken, og Beine med.

Daa kolnar ho burt, daa er ho kje glad;

ho grev og leitar paa all den Stad.

Ho grev og leitar med ville Mot;

ho grev, til det blø'r under Neglerot.

Ho leitar, til Haandi er blaa og stinn;

men burte er burte. Ho inkje finn.

Daa tuslar det burte i Kyrkjegardskrok.

Der stod ein Graakall, i Laatt seg skok.

«Det skal du ha, du! haa-haa! hi-hi!

— I Gaarkveld gløymde du Mjølki mi!»

Burte er han paa lette Legg.

Vinden yler um Kyrkjevegg.

Einsleg stend ho i raadlaus Gru;

Vinden dundrar i Kyrkjebu.

Det javlar i Jordi, tonlaust og matt:

«Beine stal du — gjev meg det att . . .»

Ho veit ikkje ut, ho veit ikkje inn;

Skodda myrknar um Kyrkjetind.

Av Grav seg tøygjær ein Arm so lang . . .

Ho skrik av Rædsle og set paa Sprang.

Veslemøy sjuk.

Ho ligg i Febervilla

Dagar og lange Næter.

Gamlemor steller best ho kan
og stilt for Veslemøy græter.

«Du store Mann der uppe,
du leggje kje dette paa meg!
Du veit ho er det siste eg eig;
du maa kje ta Gislaug fraa meg.

Son min drog yver Sjøen;
han var ikkje Guten hæve.
Eldste Dotter mi kom til Byn;
der gjeng ho no som ei Tæve.

Andre Dotter mi døydde;
det kunde mitt Hjarta brjota.
Arme gode Lisabet mi,
du skulde kje Live njota.

No hev eg ikkje fleire;
du maa meg i Naade spara!
Lat meg faa sitja med Gislaug i Ro,
til eg or Heimen skal fara!»

Men Veslemøy ligg i Ørska
og saart seg ankar og øyar.

Ho kavær med Skrymt og Heimgangs-Draug

og mumlar um Maanemøyar.

Snøstorm.

Tungt dónar det ute og bryt og brakar
og myrknar med Tjukkne og Kave.
Det gyv yver Heiar, og Isar knakar,
og Tordøn rullar fraa Have.
Dei løyste Magter um Jord seg trengjer,
og Stormen velter, og Frosten sprengjer,
og Lei og Le
vil driva ned,
og alle Vegar seg stengjer.

Og Vargarne gøyr i dei høge Urer
med Blodskum um blaanande Tenner;
og Nøkken i Os under Isen lurar;
fraa Grenderne Naalugt han kjenner.
Og Havdraug bleik gjennom Rôke luvar
og skrik i Stormen og hæ'r og huar
og lær so kaldt;
no fær han alt!

Med Lik seg Marstrandi bruar.

Og Himmel og Hei og dei graae Knausar
gjeng saman i Gôv og i Skodde.
Det ramlar i Berg og i høge Hausar,
det kokar um Baae og Odde.
Dei løyste Magter vil Verdi øyda

og alt, som kryr,

seg saman tyr:

skal Live slokna og døya?

*

Ho ligg og vimrar og illt seg ber

og stirer mot graae Rute;

det er dei fæle Risar, ho ser,

som tumlar i Skoddi ute.

Ho skjelv paa si Sengjepute.

Som Skuggar av Fjell dei ragar ikring

og Hovu i Sky maa sløra.

Dei Himmel og Hav og alle Ting

i Hop vil velta og føra

og saman i Gyrme røra.

Ein stend til Live i Havsens Svelg

og rotar det upp fraa Grunnen;

ein ligg i Nord og blês som ein Belg

med Isgufs or hóle Munnen.

Slik Gaphals vart aldri funnen.

Ein annan stend i ytste Nordvest

og dreg inn Skyerne tunge;

ei Gygr gufsar som ho kan best

eit Snøfok or fulle Lunge.

So driv ho Vaaren den unge.

Paa Skare-Kula under eit Sva,

der Styggedans gjeng i Joli,

og galdrar med Galing hóle,
skal freista aa sløkkja Soli.

Og fær dei Framgang med denne Sak,
so vil desse Risar vinna
og Live slokna med Skjelv og Skak
og siste Dagen sin finna.
Og alt vil daa Isen binda.

Men Soli smiler ovanum Sky;
ho meiner ho kan det bera;
dei naar ikkje upp med sitt Gnaal og Gny;
ho maa vel for høg dei vera.
— Men det kan dei aldri læra.

Draken.

Han Heilag-Per Aase i Verdi er glad,
og Gardar og Jord eig han noko-kvar Stad,
men nok hev han endaa kje fengje.

Den Haugastadparten, som Gamlemor eig,
det er slik ein lettvin og nibbeleg Teig;
den lurde han etter so lengje.

Og no kan han rekna det meste for sitt;
han Enkja laut hjelpa med Pengar so tidt,
daa Mannen aat Jordi var bôren.

Med Rentur det vaks, som det var no hans Von,
og no vil han Garden faa sett til Auktion,
so tek han det heile til Vaaren.

Der sit han i Benken so stabben og tett

og krever av Gamlemor heile sin Rett:

«no kan eg kje lenger deg líva!»

Den Gamle ho jamrar og veit seg kje Raad;

«aa arme mi Veslemøy, kor skal det gaa?

No vil dei paa Bygdi oss driva!»

Men støkkt maa ho stogga med Graat og med Skrik;

paa Sengi ligg Veslemøy stiv som eit Lik,

og fælsleg ho skifter sin Hamlit.

Bleik snur seg den Gamle til Kravsmannen hard:

«ja no kan du faa baade Stova og Gard;

men gakk so — med Liv paa ditt Samvit!»

Han Heilag-Per sit der i Andlite graa:

«Kva er det — kva er det, ho stirer so paa?

Ho ser noko! Hu, ein kan fæla!» —

«Aa Baane mitt arme, du tak' det med Ro!

Me skal nok faa Føda vaar lel, baae tvo,

— skal so eg paa Bygderne stela!»

Men Veslemøy kvæser med kavande Munn:

«sjaa Draken — sjaa Draken — med Gap som ein Brunn

og Eldkam fraa Hovu til Halen

Aa Fader vaar . . . Jesus . . . som Djevelen batt . . . » —

— Han Bøne-Per triv etter Sylv-Stav og Hatt

og stuper paa Døri som galen.

Hjelpi.

Det er so vondt um Notti;

daa kjem dei Daudingar kalde

hit av den tome Kyrkjegard
og ringar seg um henne alle.

Og fiktar og slær i Lufti
med Knokar og knytte Hender
og gaper med glisande Kjakebein
og grin med dei grésne Tenner.

«Daudingbeine stal du . . .
Daudingbeine naut du . . .
Kaldt det er paa Kyrkjegard;
Daundefreden braut du . . .»

Ho kavar i kjøvde Rædsla
og vrid seg og vondt seg ankar;
Gamlemor fær kje i Hjarta Fred
for alle dei myrke Tankar.

Daa sender ho Bo til Presten.
Han kan dei Bandi tvinna,
og med det heilage, sterke Ord
Vondemagterne binda.

Presten i Kappe og Krage,
høg han for Sengi stend;
so væl han kjenner dei vonde Magter,
og Harm i Hjarta hans brenn.

Han les av den vigde Boki
Bøner og Eidar harde:
«eg bed deg ved Gud i Jesu Namn,
av Hold og av Ham du fare!» —

Daa gjeng det eit Brak um Huse,

Gamlemor græt med Gledetaarer,
no veit ho, det vonde tryt.

Veslemøy slær upp Augo,
dei lyser so vent og blaatt;
daa signer han henne med kvite Hender;
det gjorde i Hjarta godt.

«Herren signe og vare deg,»
so fagert han for ho bed;
«han late si Aasyn lysa
paa deg og gjeve deg Fred!» —

Presten til Gamlemor talar:
«no trur eg, til Liv det stend.»
So rid han strak paa staute Folen
ut av den stille Grend.

Veslemøy tryggare sidan
ligg med rolege Fakter.
Gud velsigne den Prestemann!
Han batt dei vonde Magter.

Det vaarar

Mot Solegla.

Det stig av Hav eit Alveland
med Tind og Mo;
det kviler klaart mot Himmelrand

Eg saag det tidt som sveipt i Eim

 bak Havdis graa;

det er ein huld, ein heilag Heim,

 me ei kan naa.

Ho søv, den fine Tinderad

 i Draume-Bann;

men so ei Stund ved Solegla

 ho kjem i Brand.

Naar Dagen sig som Eld og Blod

 i Blaae-Myr,

det logar upp med Glim og Glo

 og Æventyr.

Det brenn i Bræ og skjelv og skin

 med gyllne Bragd,

og Lufti glø'r i Glans av Vin,

 Sylv og Smaragd.

Men av han døyr, den bleike Brand

 som slokna Glo,

og klaart som fyrr ligg Alveland

 i kveldblaa Ro.

Eg lengta tidt paa trøyte Veg

 der ut til Fred;

men Lande fyrst kan syna seg,

Vaardag.

Aa nei for Himmel rein og klaar!

Aa sæle meg, no er det Vaar!

No spelar Liv um Land og Strand;

aa sæle meg, at upp eg vann!

Aa nei, for Dag vaar Herre gav!

So skirt um Fjell, so svalt i Hav!

So linn ei Luft, so høgt um Haug!

Og dette sæle Solskinslaug!

Aa nei, eg høyrer Lerka slaa

upp under bleike Himmelblaa!

Mot Kvelv ho stig med Songen sin;

snart naar ho visst i Himlen inn.

Sjaa Maagen ror fraa klaare Nut

i stille Tak mot Have ut;

og Fugl det kvittrar, kved og syng

i Tun og Tre, i Lund og Lyng.

Og aa, som Soli lognar trygg

som Varmeflaum um Barm og Rygg!

Og gjennom all den milde Dag

det mjuke, salte Havsens Drag!

Det brydder Straa, det sveller Knupp,

og Sevja stig i Tree upp;

ein Daam det vaknar søt og tung . . .

Aa sæle meg, som er so ung!

Sumar i Fjelle

Paa Fjellveg.

Her gjeng eg rædd i fæle Fjell
med Hugen kvævd og sprengd.
Aa hu! Visst aldri ut eg held
aa gaa slik innestengd.

Det legg seg tungt for Barmen trong;
eg fær kje anda ut.
Eg skjelv og tenkjer Gong paa Gong:
han fell, den tunge Nut.

Det stengjer Vegg og Rygg og Kam
for Syn og Sans og Sinn.
Den graae Bergufs skyt seg fram
og vil meg byggja inn.

Her er kje Raad, her er kje Rom,
her er kje Vind og Luft!
Men rundt i Fjelli døyvde Ljom
som Rop fraa Juv og Kluft.

Og um fraa ville Kampe-Hei
eg fæli burt meg snur,
so stengjer paa den andre Lei
den blaae, bratte Ur.

Aa hu! so myrkt og trongt og villt!
Det kolnar meg um Kne.
Og hu, som her er audt og stilt!

Eg er som gravi ned.

Den snilde Guten.

Det er han Jon, som gjætte her til no,
den eldste Son hans Aamund burt i Brôte;
dei øygnar Garden just burti ei To,
som hev seg inn i bratte Berge skôte.
No er han glad, for her han skal ifraa;
han er alt vaksen og skal ut og slaa.

Hans unge Andlit er so godt og rundt,
med ljose Luggen tett um Panna vunden;
paa Lippa gror eit Dun so lett og tunt,
og kvite smiler Tennerne i Munnen.
Som Killing lett han hoppar Stokk og Stein
og synger kvat og lær aat alle Mein.

No skal han fylgja denne fyrste Ykti
og visa henne Veg og Merke-Lei,
so ho kan kjenna denne ville Hei,
som aldri noko Folk hev butt hell bygt i.
Med nye Buskap maa ho og bi kjend;
til Framand seint vert Dyrehugen vend.

So driv dei Buskap fram i Morgon klaare,
i Luft so rein som aldri fyrr ho saag;
det er som Ur og Koll forsonad laag
i Glans av dette Ljos fraa Himlen bôre.
Ho drikk den lette Luft i djupe Drag
og sugar Liv av denne Herrens Dag.

Han syng og blistrar, driv, og stundom røder,

halvt gutebljug, halvt mansleg klok og kaut;

det gjeng um Ver og Vind og Sol som gløder,

um Fjelli her og desse snille Naut.

Han mangt fortel um kvart og eit av Dyri.

Men mest han veit um «Dokka», Bjøllekyri.

Og fri og glad og reint som kjend ho blir

og svallar med i denne gode Trygdi;

han hev kje denne halve, kalde Flir

som desse tunge Gutar nedi Bygdi.

Han nemner henne beint og godt og greit;

Haugtusse-Namme visst han aldri veit.

Han syner henne Gjætle-Berg og Bekk

og Svartedalen lang med Kvervesteinen,

som stundom snur seg, plent som Liv han fekk,

og Skare-Ufs, der Farfar hans skaut Reinen.

Men der i grøne, svale Bjørkeli,

der hev det eingong vore Bjønnehi.

Ho spør som halvt i Skjemt, um her er Troll;

«aa ja,» han svarar utan Spott i Tanke,

«det bur nok sumt i baade Kuv og Koll;

men meir det sviv ikring paa Videvanke.»

Og no ho vita fær, at Jon er klok;

han grev i Kufta si og finn — ei Bok.

«Kan henda trur du kje at slikt kan finnast?»

— det kjem eit Mistru-Drag um Munnen fjaag —;

«men meir en ein eg veit, som væl kan minnast,

at slike Ting han klaart med Augo saag.

du skal faa sjaa, at denne Tru er sann.»

Det er so knapt ho kan si Glede styra.

Att-under Stein dei set seg baae tvo;

her Ku og Smale gjeng so godt i Ro,

so no dei kan seg trygt med Kunskap hyra.

Ho ser paa Jon med mjuke Augnelag.

At Dreng kan vera ven ho veit i Dag.

Han les i Boki, svart som bakt i Jord,

so radt og greidt, han tarv mest aldri stikta;

der stend um Nøkk og Troll med reine Ord,

og daa me veit, det kan kje vera dikta.

Kvart Ord ho syp og lyer trutt og ant

og lær og ropar: «sjaa, um d'er kje sant!»

No kan dei lengje nok faa læ og flira;

det stend i Boki, og han Jon det trur!

— So glade sit dei saman der i Ur,

og Sogur gjeng, og dèr tarv ingen fira.

Og Nistematen saman gneg dei paa;

Jon sit og sit og gløymer reint aa gaa.

Med Undring høyrer han det store Ord,

at um han Tagnad tru vil ærleg lova,

so er ho sjølv av desse faa paa Jord,

som hev den underfulle Synegaava.

Han gjev si Hand. Av Vyrdnad er han fylt.

Og alt ho no fortêl. Han er som tryllt.

So lid det til; dei tenkja maa paa Klokka.

Det er alt seint; ho er visst mote sju.

og kjæler kjærleg for den blide «Dokka».

So maa han gaa. Aaleine stend ho der.

— Men Dokka fekk fraa same Stund ho kjær.

Paa Gjøtleberg-Nut.

Her er som villaste Røys og Ur,
so vidt som Auga kan vinna;
men Gudskjelov! naar eg rett meg snur,
so kan eg Have finna.

Aa Gud vælsigne den blanke Rand,
som ringar seg blaa der ute!
Og Gud vælsigne kvar Siglarmann
og kvar den symjande Skute!

Men hu, denne Fjeld-Ur med Kamp og Koll
i villaste Vill-Røys slengde, —
det er som ei herjande Horg av Troll,
av Tora slegne og sprengde.

Og Nos og Nabbe og vide Stakk
og Hausar rullande runde,
d'er Gygr og Rise, som sprang og sprakk
i solblanke Morgonstundi.

Dei staaka og stangast i harde Tak
mot Gudar og ljose Sveinar;
men ned dei ramla med Røyk og Brak
som Bergbrôt og Kampesteinar.

Og Armar datt yver krøkte Bein
og Haus millom Bolar lange;

so veltest ihop denne Verd av Stein,
av Skoltar og Brôti mange.

I Logn under bratte Bergvegg-Stup,
der søv dei svarte Votni;
dei glør som glimande kalde Glup
med falske Underbotn i.

Naar stilt det rigner i myrke Kveld
vil Nøkken i Vassmaal driva;
han uler fælt millom aude Fjell,
naar nokon snart skal bliva.

Aa hu, for skræmeleg Graasteins-Ur;
ho vil meg med Trolldom binda;
men Gudskjelov! naar eg rett meg snur,
so kan eg Have finna.

«Dokka».

Aa Dokka, Dokka, snilde Kui mi!
naar Graaten kjem i desse Dagar seine,
so kom og kjæl meg du med Kinne reine;
du er so god; du er so hjarteblid.
Ja berre du meg fylgjer her i Li,
so er eg endaa ikkje reint aaleine.
Og kjære seg meg, trur du, det er Von . . .
Seg trur du, eg maa tenkja paa han Jon? —

Veslemøy lengtar.

No stend ho steller i Kjøken-Kraa,

ho Mor!

ho er so gamal, ho er so graa,

ho Mor.

Aa var eg Katten i mjuke Skind,
som kjæla fær seg som Baane inn

til ho Mor!

Ho grev og putlar med Hit og Holk,

ho Mor;

ho lagar Mat til sitt Slaattefolk,

ho Mor.

Aa var eg Breitle-Brit svart og svær,
som kvar ei Kvilestund svalla fær

med ho Mor!

Ho gjeng paa Tun i den stille Gard,

ho Mor,

med kvike Sporv i sitt Fotefar,

ho Mor.

Aa var eg Sporven so glad og lett,
som høpp og dansar og sprett og skvett

um ho Mor!

Ho likar Soli paa skrukne Kinn,

ho Mor;

ho likar Havgula sval og linn,

ho Mor.

Aa var eg Havgula frisk og fri,

eg skulde svala mi heile Tid

um ho Mor.

Men Gikt ho fær, som i Ryggen flyg,

ho Mor,

naar Vinden kald gjennom Kjøken syg,

ho Mor.

Aa var eg Døri gamal og fæl,

eg tett meg stengde og livde væl

um ho Mor.

*

Eg veit so væl, kva ho tenkjer paa,

ho Mor,

naar der ved Gruva ho mødd maa staa,

ho Mor.

So tidt ho gløymer sitt Træl og Mas

og stirer ut gjennom Kjøkenglas, —

gjer ho Mor.

Ho gløymer Stræv og ho gløymer Stell,

ho Mor,

og stirer upp mot dei ville Fjell,

ho Mor.

«Kor gjeng det Veslemøy, arme Ting,

som renna maa alle Berg i Kring?» —

spør ho Mor.

Aa visste du, kor eg lengtar her,

du Mor! —

Den brune Heidi, den fekk eg kjær,

du Mor!

Her gjeng eg ør millom aude Fjell

og græt meg i Svevn kvar einaste Kveld;

aa du Mor!

Og alt er framandt og nytt og vondt,

du Mor!

det stirer kaldøygt ikring meg rundt,

du Mor.

Her er kje Liv, som eg fritt kan tru,

og ingen einaste er som du, —

du mi Mor!

Aa tru den Tidi fekk rundt seg snutt,

du Mor!

Eg reknar Time og kvart Minutt,

du Mor!

Aa kunde eg stiga med Sjumils-Steg

og sitja ei ørlita Stund hjaa deg,

du mi Mor! —

Blaabær-Li.

Nei sjaa, kor det blaanar her!

No maa me roa oss, Kyra!

Aa nei, slike fine Bær,
og dei, som det berre kryr a'!
Nei Maken eg hev kje set!
Sumt godt her er daa tilfjells.

No vil eg eta meg mett;
her vil me vera til Kvelds!

Aa nam-nam, so søtt og godt!
Ja naar det slik seg lagar! —
Og allestad blaatt i blaatt!
Her hev eg for mange Dagar.
Slik Smak so frisk og so fin!
Eg er som paa Kongens Slott.
D'er plent som den beste Vin;
aa nam-nam, so søtt og godt!

Men kom no den Bjønne stor!
— Her fekk bli Rom aat oss baae.
Eg torde kje seia eit Ord
til slik ein røsjeleg Vaee.
Eg sa berre: ver so god!
no maa du kje vera bljug!
Eg lêt deg so væl i Ro;
ta for deg etter din Hug.

Men var det den Reven rau,
so skuld' han faa smaka Staven;
eg skulde banka han dau,
um so han var Bror til Paven.
Slikt skarve, harmelegt Sleng!
Han stel baade Kje og Lam.

Men endaa so fin han gjeng

og hev korkje Agg hell Skam.

Men var det den stygge Skrubb,

so arg og so hól som Futen,

eg tok meg ein Bjørkekubb

og gav han ein god paa Snuten.

Han reiv sund Sauer og Lomm

for Mør mi so traadt og tidt; —

ja sant! um han berre kom,

so skuld' han so visst faa sitt.

Men var det den snilde Gut

der burte fraa Skare-Brôte, —

han fekk vel ein paa sin Trut,

men helst paa ein annan Maate.

Aa Tøv, kva tenkjer eg paa!

Det lid nok paa Dagen alt . . .

Eg maa til Buskapen sjaa; —

ho Dokka drøymer um Salt.

Møte.

Ho sit ein Sundag lengtande i Li;

det strøymer paa med desse søte Tankar,

og Hjarta fullt og tungt i Barmen bankar,

og Draumen vaknar, bivrande og blid.

Daa gjeng det som ei Hildring yver Nuten;

ho raudner heit; — der kjem den vene Guten.

Burt vil ho gøyma seg i Ørska braa,

men stoggar tryllt og Augo mot han vender;

dei tek einannan i dei varme Hender

og stend so der og veit seg inkje Raad.

Daa bryt ho ut i dette Undringsord:

«men snilde deg daa . . . at du er so stor!»

Han smiler raud og strekkjer Led og Legg;

«det er vel so, naar Guten Kar maa vera,

han lærer og som vaksen Kar seg bera.»

— «Og tenk, eg trur at du hev fengje Skjegg!» —

«Det var der fyrr,» han svarar stø og sann;

«men kanskje hev det vakse litegrand.»

Han mjuk seg ned attunder Steinen slengjer,

og upp or Lumma Nistemat han dreg;

og gild han vera skal som andre Drengjer:

«sjaa her er Egg! Dei tok eg med til deg.»

Ho lær og set seg, so ho just kan sjaa han.

I Barm det gjeng; ho fær kje Augo fraa han.

So sit dei der i denne varme Dag;

han lentug er, og ho maa læ i eino;

ho er so glad som Fuglen millom Greino,

men kan kje koma rett i Svalle-Lag.

No, daa dei just skal hava gildt og Gaman,

ho sit der hjelpelaus og er som framand.

Han bed um Sogur, men kan inkje faa;

alt det, ho stundom saag og langsynt drøymde,

det kan ho liksom ikkje koma paa;

det er som alle slike Ting ho gløymde.

«Nei lat no Trolli,» bed ho, «gaa for seg.

I Dag eg helder høyra vil paa deg.»

Han gjerne daa fortêl um Skarebrôte,
der upp han vaks, og som han ein Gong fær;
dei fire Kyr skal maklegt føda der,
naar han fær stelt det paa den rette Maate.
Kvart Ord, han seier, kan so trygt ho lita paa,
og alt ho spør um; alle Ting ho vita maa.

So dreg dei rundt um Li og logne Strender
med snilde Smale og den kloke Ku,
og naar eit Bil dei kan seg trygge tru,
so tek dei Fisk i Bekk med berre Hender.
Den steikjer dei paa Glo som best dei rekk
og tømmer so den gode Nistesekk.

D'er gildt! — naar berre ikkje dette var,
at ingen av dei lenger fri og kyrr
den andre kan i Augo sjaa som fyrr; —
han og er brydd, som skulde vera Kar . . .
Naar berre ikkje dette eine skilde,
aa nei, so godt som daa det vera vilde!

Men upp det dreg, og døyvde Toremaal
i Bergi brumlar; snart vil Regne driva;
ved Gjætlegeberge snøgt dei maa seg líva;
der under Heller er eit Livdehól.

Det er kje stort; just so det væl er vitjande.
Der inn dei kryler, og der vert dei sitjande.

Og som det lid til svale Kveldings Stund,
alt meir og meir i Lengt dei saman søkjer,
og braadt um Hals den unge Arm seg krøkjer,
og øre skjelv dei saman Munn mot Munn.

i heite Sæle søv ho i hans Arm.

Killingdans.

Aa hipp og hoppe,

og tipp og toppe

paa denne Dag;

aa nipp og nappe,

og tripp og trappe

i slikt eit Lag.

Og det er Kjæl-i-Sol,

og det er Spel-i-Sol,

og det er Titr-i-Li,

og det er Glitr-i-Li,

og det er Kjæte

og Lurvelæte

ein Solskinsdag.

Aa nupp i Nakken,

og stup i Bakken

og tipp paa Taa;

aa rekk i Ringen,

og svipp i Svingen,

og hopp-i-haa.

Og det er Sleik-i-Sol,

og det er Leik-i-Sol,

og det er Glim-i-Li,

og det er Stim-i-Li,

og det er Kvitter

og lognt i Kraa.

Aa trapp og tralle,

og Puff i Skalle,

den skal du ha.

Og snipp og snute,

og Kyss paa Trute,

den kan du ta.

Og det er Rull-i-Ring,

og det er Sull-i-Sving,

og det er Lett-paa-Taa,

og det er Sprett-paa-Taa,

og det er hei-san,

og det er hopp-san

og tra-la-la.

Elsk.

Den galne Guten min Hug hev daara,

eg fangen sit som ein Fugl i Snaara;

den galne Guten, han gjeng so baus;

han veit, at Fuglen vil aldri laus.

Aa gjev du batt meg med Bast og Bende,

aa gjev du batt meg, so Bandi brende!

Aa gjev du drog meg so fast til deg,

at heile Verdi kom burt for meg!

Ja kund' eg trolla og kund' eg hekka,

eg vilde inn i den Guten veksa;

eg vilde veksa meg i deg inn

*

Aa du, som bur meg i Hjarta inne,
du Magti fekk yver alt mitt Minne;
kvart vesle Hugsviv, som framum dreg,
det berre kviskrar um deg, um deg.

Um Soli lyser paa Himlen blanke,
no ser ho deg, det er all min Tanke;
um Dagen dovnar og Skóming fell:
skal tru han tenkjer paa meg i Kveld?

Um Vinden strid yver Heii susar,
det gule Haare ditt visst han krusar;
um Regne dryp med sin døyvde Graat,
so stakkars Guten, no vert du vaat.

Aa berre Timarne vilde skrida,
og berre Dagarne vilde lida; —
men eg vil kveda og vera glad;
for um Sundag kjem han, trala, trala!

Skog-glad.

Aa stakkars vesle Hare
so fin og silkeklædd,
Gud veit, kor du hev fare,
med di du er so rædd?
Du spretter og du skvetter
so hovdelaus i Kring;
kva er du renner etter

arme Ting!

Her er so god ein Sumar
med Hus i kvar ein Busk
og Lauv og friske Kumar
aat slik ein liten Trusk.
No skal me vera kvate
i slik ei Solskinsstund;
no skal me vera late
og taka oss i Lund

lette Blund.

Du er so brun og lekker
i Sumarkjolen din;
d'er berre du for klekk er
te vera Guten min.
Men vil du glad meg gjera,
so hoppa her i Li,
og Vener ska me vera
og Vener skal me bli

all vaar Tid.

Eit Spursmaal.

Og det var Gamlen paa Skare,
so lognt han paa Skraae snur:
«Aa jamenn er de no rare,
som alt dette Trollsnaakk trur.

For var her slikt Ugagns Elde

og hadde det slikt eit Velde,
so kunde kje Verdi staa.

Dei trolle oss Sótt i Bringa,
dei trolle oss ned og nord
og kunde med Galder tvinga
til seg den heile Jord.»

Til svara ho Randi, Kona,
ho var so lett paa sin Munn:
«no maa eg ein Laatt meg laana;
for no lyt eg læ ei Stund.

Stødt er de Mannfolk so kloke.
Og stødt so kjem de i Beit.
Og all Ting fær de i Floke,
med alt det de veit og veit.

Aa nei du, Trolli maa træla
som Tussar i svarte Jord,
og aldri tarv nokon fæla,
um Flokken vart nok so stor.

Ja var dei mange som Grase
og sterke som Straum i Foss, —
det døyver seg sjølv, Tyrase,
og fær kje tenkja paa oss.

Som Neven knytt i ei Lumme,
so er dei med alt sitt Rop.
Dei er so merjeleg dumme;
dei kan ikkje halda ihop!»

Ku-Lokk.

Aa Kyri mi vene, aa Kyri mi!
Her sviv me no glade um Sumars Tid;
i Fjelle finn me dei finaste Straa;
i Dalen strøymer den stride Aa.
Og Vinden stryker so ljuv og linn
som signande Sus fraa den klaare Tind.

Aa Kyri mi gode, aa Kyri mi!
Her skal du vel trivast i grøne Li;
her sildrar Kjelda med Surl og Skval,
og Grase er mjukt og Skuggen sval.
Ja Nordanaas-Lidi, der er det godt;
der gjæter Huldri kvar einaste Nott.

Aa Kyri mi snilde, aa Kyri mi,
aa hav det no godt denne vesle Ri!
Eg Ormen skal jaga, som bit din Legg,
og Fluge og My, og stingande Klegg.
Og Dagen skal gaa som den lette Vals,
og vil du kvila, eg klaar din Hals.

So lyer dei etter ditt Klokkespel,
naar heim me stundar ved Solegladsbél;
daa kjem du so god med ditt fulle Jur
og slikkar ditt Salt framved Kjøken-Mur.
So vert du mjølka og gjeng i Kve
og jortar og drøymer og søv i Fred.

Aa Kyri mi vene, aa Kyri mi!
Drøym godt um meg og den grøne Li!

Der sullar me sæle den Sumar lang;

til Hausten skal me paa Heimevang.

Daa kjem du til Gards som ei Dronning du,

og alle ropar: aa nei, for Ku!

Vond Dag.

Ho reknar Dag og Stund og seine Kveld

til Sundag kjem; han hev so trufast lova,

at um det regnde Smaastein yver Fjell,

so skal dei finnast der i «Gjætarstova».

Men Sundag kjem og gjeng med Regn og Rusk;

ho eismal sit og græt attunder Busk.

So væl ho veit, han aldri svika kan,

um det kjem gode Dagar elder vonde;

han veit, at daa ho aldri liva kunde,

men sokk og dreiv som kalde Lik i Land.

Men tungt er Hjarta i den unge Bringa,

og rædde Graaten kan ho ikkje tvinga.

Daa kjem ho heim ein Sundags Kveld mot Haust,

av Hugverk mødd og sjuk av Ank og Otte

og trøytt og tung. All Dagen hev det aust

med Regn, so reint i Flaum ho vassa maatte.

Ho berre skundar seg og vil i Seng.

Det er det einaste, ho veit og treng.

Men just er Gamlen komen heim fraa Kyrkja,

og no med Pipa nøgd han nytt fortêl:

«jau daa var Jon i Skarebrôte sæl,

um hans ho vart, den kaute Vælstands-Fyrkja!»

Ho kjenner Styng i Bryst og Skjelv i Kne;

i Vanmagt trøytt ho sig paa Stolen ned.

Daa fær ho høyra meir en sjølv ho vilde;

ho høyra maa, at denne Guten staut,

som so ho trudde, lett sin Lovnad braut

og floksa fritt med alle Gjentur gilde.

Men no han vankar klok paa Bele-Raas

til sjølve rike Megga ifraa Aas.

Og denne etter Jon er reint som gali;

ho lokkar han, so alle kan det sjaa;

og han so væl som andre vita maa,

at ho er best av alle Gifte-Vali.

Og so med denne Drosi eine dansar han,

og andre gode Gjentur aldri ansar han.

Som Fuglen, saarad under varme Veng

so Blode tippar lik den heite Taare,

ho dreg seg sjuk og skjelvande i Seng

og vrid seg Notti lang i Graaten saare.

Det slit i Hjarta og det brenn paa Kinn.

No maa ho døy; ho misste Guten sin.

Ved Gjætle-Bekken.

Du surlande Bekk,

du kurlande Bekk,

her ligg du og kosar deg varm og klaar.

Og speglar deg rein

og glid yver Stein

og sullar so godt

og mullar so smaatt
og glitrar i Soli med mjuke Baar'.
— Aa, her vil eg kvila, kvila.

Du tiklande Bekk,
du siklande Bekk,
her gjeng du so glad i den ljose Li.
Med Klunk og med Klukk,
med Song og med Sukk,
med Sus og med Dus
gjenom lauvbygt Hus,
med underlegt Svall og med Svæving blid.
— Aa, her vil eg drøyma, drøyma.

Du hullande Bekk,
du sullande Bekk,
her fekk du Seng under Mosen mjuk.
Her drøymer du kurt
og gløymer deg burt
og kviskrar og kved
i den store Fred
med Svaling for Hugsott og Lengting sjuk.
— Aa, her vil eg minnast, minnast.

Du vildrande Bekk,
du sildrande Bekk,
kva tenkte du alt paa din lange Veg?
Gjenom aude Rom?
millom Busk og Blom?
Naar i Jord du smatt,
naar du fann deg att?

— Aa, her vil eg gløyma, gløyma.

Du tislande Bekk,

du rislande Bekk,

du leikar i Lund, du sullar i Ro.

Og smiler mot Sol

og lær i ditt Skjol

og vandrar so langt

og lærer so mangt . . .

aa syng kje um det, som eg tenkjer no.

— Aa, lat meg faa blunda, blunda.

Mjukt som i Graat

tonar Harpelaat,

løkkar lett og lind

liksom Sumarvind;

voggar seg blid,

strøymmer sterk og fri,

svævest av i Draum og Stille;

vaknar so spakt,

velter fram med Magt;

brusar upp i Brand

liksom Marm ved Strand;

søtt som i Blund

stig ein fager Lund

elskhugsvarm, med sorgblid Trille

.....

Med Lauv um myrke Haar, som fløymer ned,
med Sylgjevivr um sine fulle Barmar,
med Sylvband breide um dei brune Armar,
stend Huldri under gulnad Bjørk og kved.

«Du skal kje graata, for din Gut deg sveik,
og ikkje gaa med desse saare Tankar;
han minnest deg so tidt, der no han vankar,
og tregar sorgfull, for han var so veik.

Um tapt er tapt, so kan det atter vinnast;
paa fagre Solfjell skal de eingong finnast.

Men den, som sjølv si Sorg med Saknad bar,
og veit kor Hjarta saart i Lengt maa kvida,
og veit kor seint den lange Dag vil lida, —
daa maa du inkje lenger vera hard.

Naar tidt i Li du høyrde Strengjer laata,
det er ein Ven, som etter deg maa graata.

Han vil deg væl, min gjæve, unge Bror,
og Kveld og Nott hans Song i Skogen klagar,
og huglaus vildrar han dei vonde Dagar
og søkjer deg med Lengt og linde Ord.

Du maa kje kald og svarlaus burt deg vrida,
men tenkja mjukt um den, som so maa lida.

Naar Vinterstjerna fyrste Gong seg ter,
daa held me Fyre-Jol paa Firkam haage;
daa vert du lyft av dei, du inkje ser;
men ver kje rædd; dei er deg alle fjaage.
Der fær du sjaa, det ingen veit i Bygderne,
og den du finn, som dreg deg heim av Høgderne.»

Ho blaanar burt og kverv i Skogen djupe;

Haugtussa vaknar av sin halve Blund,

og tottest timja i den same Stund

som brune, snare Vengtak av ei Rjupe.

Som klumsa stierer ho med Auga drøymt.

Alt det, ho hugsa fyrr, det hev ho gløymt.

Paa Skare-Kula

Det vaknar.

Maanen sloknar i Havsens Eim

nede i lægste Sud;

Stjernur tryllte i Ørskesveim

rapar fraa Himmelbru.

Vinter gufsar fraa Jotunheim

yver Fjellom.

Myrk seg sveiper den tunge Nott

tett ikring trollsvævd Jord;

tomt i Stilla det høyrest Laatt,

Dvergmaal og døyvde Ord.

Lyktemann vaknar og Naa-Ljos blaatt

yver Fjellom.

Skrattande Skrell av Hovsveins Lur

gjeng ifraa Varde-Topp;

graatt daa livnar i Ufs og Urd

Krok og underleg Kropp.

Hit skal alt, som ned-under bur,

Vinter-Ljose vaknar i Nord,
tøygjer dei grøne Bogar,
jagar med Sus under Kvelven stor
fram sine frosne Logar,
skimrar som Sylv og Perlemor
yver Fjellom.

Skifter, glimtar i vinraud Glans,
ljøsna og av att fell;
staalkalde Straalar i isbleik Krans
skyt seg fram yver Fjell,
braar og bivrar som Sverd i Dans
yver Fjellom.

Ljosken vinn yver Varde,
knyter seg der i Knut;
gøyser, velter sitt Bivreskin
skiftande ut og ut.
No stend Hallen tjeldprydd og fin
yver Fjellom.

*

Daa no alting er so i Stand,
blæs han paa nytt, den Sveinen; —
høgt med Brak kjem den svarte Mann,
set seg paa Trone-Steinen.
Augo gløser som Glo og Brand
yver Fjellom.

Fram so glider dei Draugar,

ein Gong gav dei seg Hin i Vald,
maa no lida det Mein.

Gravsong susar som Vinden kald

yver Fjellom.

Kjem so den hoppande Haugbukk,
Svartalv og svidde Dverg,
Havtroll og Nøkk og den gule Gast
og alle, som bur i Berg.

Hit dei hiver i Sjumils-Kast

yver Fjellom.

Sist kjem Trollmenn og Kvende
hit yver Aude-Heiar,
rid paa Limar og Staur og Stong,
mullar so harde Eidar.

Fælsleg gaular den Galdresong

yver Fjellom.

So er dei samla, den heile Hop,
baade fraa fyrr og no;
full er Troll-Kluft og Svarte-Grop,
stappa er Hekse-To.

Laatt det rullar og Helsingsrop

yver Fjellom.

Og som Storm yver stride Hav
vaknar den svarte Songen;
Tonar fraa Haug og Tonar fraa Grav
helsar og hyller Kongen.

Stig og strøymer og stilnar av

yver Fjellom . . .

Dei hyller sin Herre.

Heil sitje du og sæl,
du Hovding høg i Hel
og Drott paa Jord.
Ver sterk og stor og fræg!
Gakk staut din Sigers Veg!
Legg Verdi under deg
fraa Sud til Nord!

Gjev kvar din Uven maa
paa Jordi bannstøytt gaa
forutan Trygd!

Men den som gjev seg deg,
lat han faa magga seg;
gjer lett hans Ljugarveg
til Heir og Høgd!

Daa ber me deg i Famn
og bannar ved ditt Namn
tri Gonger tri.

Tri Gonger tri du er
vaar Hovding her og der!

Du eig oss, kor me fer
i allan Tid!

Prøve.

Fanden sit med si Bok paa Kne,

ritar med Blodet raue,
set sine Teikn paa tvers og sne
for Levande og for Daude.
Sist kjem dei nye, som no skal med
inn i Flokken.

Fram dei møter for høge Stol,
mullande Bøni tung;
Fanden gaper med Halsen hól
etter baa' gamall og ung.
«Vil de paa denne Fyre-Jol
inn i Flokken?»

Ein etter annan dei svarar Ja;
det tykkjest Fanden Món;
upp dei steller seg daa i Rad
liksom til Konfirmation.
Prøvast dei maa, fyrr han vil dei ha
inn i Flokken.

Svarte-Katekisma.

«Det fyrste Krav, det er?»
— Sjaa ut som dei andre i all di Ferd.
«Det andre og du kann?»
— Banna i Hjarta Gud og Mann.
«Og veit du mitt tridje Yrkje?»
— Gakk kvar den Sundag til Kyrkje.
«So nemne du meg det fjerde?»

«Det femte?»

— Spar ikkje den,
som i Veggen for deg stend!

«Det sette?»

— Ver eit Svin,
men utantil blank og fin.

«Det sjuande?»

— Lat dei andre træla;
du lever stort av i Løynd aa stela.

«Det ottande?»

— Beste Verja,
det er aa ljugen og sverja.

«Det niande?»

— Sløg du vere og snar,
naar Teften du fær av Annanmanns Gard.

«Det tiande Krav?»

— Din Granne svika,
i stort og i smaatt, du alltid maa lika.

Og Visdomens Grunn, fekk den du fat?

— «Aldri du gløyme det store Hât!»

«Kva trur du?»

— Eg trur og i Sanning finn,
at alltid til Slutten det vonde vinn.

«Kva bed du?»

— At aldri i all si Tid
denne vonde Verdi maa betre bli.

«Nemn meg so det du høgast vil?»

— Eiga Verdi og høyra ho til.

«Er denne Viljen din heil og all?»

— Med Blod vil eg skriva meg deg i Vald.

«Og sidan?»

— At denne Pakti kan staa,

vil kvart Aar her eg til Alters gaa.

*

Trollmanns-Emne legg seg paa Kne;

daa stig eit Glede-Rop

sterkt som Stormsus i gamle Tre

upp fraa den heile Hop.

«Han hev Trui! Han er som me!

Inn i Flokken!»

Fanden Firkloi lyfter,

svêr ved den namnlause Store:

«fraa i Nott hev du Magti mi,

det vere her deg svore!

No eg tek deg for all di Tid

inn i Flokken!»

Stjernefall.

Fram daa stiger dei gamle,

Kvende og sidan Menn,

melder sin Herre alt dei hev gjort,

kvar i si Bygd og Grend.

til dei alle.

*

Finneheks.

Eg manar Sott paa Folk og Fe,
daa kan dei inkje duga;
eg løyser Storm; eg spiller Fred;
eg sender den gule Fluga.

Fantekjering.

Eg lærer Draapsmann den kalde Ro
og Tjuv aa dirka Laasen;
eg trollar, so Kui mjølkar Blod
og stuper dau paa Baasen.

Gulheks.

Eg Mistru set millom Møy og Gut
med snikjande Trylle-Ordi;
eg veit, naar Mann og Viv fell ut,
daa visnar Grase paa Jordi.

Ei mager Heks.

Eg vekkjer vondt millom Mann og Mann
og Tankar som Tru kan tæra;
eg veit, naar Ovund kjem rett i Brand,
so kan dei Inkje gjera.

Krylrygg-Heks.

Greie Menn med det faste Mod

eg kan so lite lika;
eg legg dei Vanhug i valne Blod
og lærer dei aa svika.

Blaaheks.

Mitt Namn er Svek; med Armen lang
eg Skind og Senar mentar;
daa visnar Baani paa Moderfang
og vert til Dekadentar.

Blindheks.

Eg kverver Syne paa Gjenta holl,
alt ilt ho for seg skal byta;
ho kastar seg burt til Fark og Troll
og maa ihel seg syta.

So øyest Live i kalde Harm,
og ned ho krøkjest og krukmar;
Hjarta klakar til Is i Barm,
og alt ikring henne sjuknar.

Troll-Kokke.

Eg trollar Ørske paa svikne Møy,
der Baane ho eig i Skjole;
ho løyner det burt, ho læt det døy;
so fær me Steik til Joli.

Blid Heks.

Eg lokkar og leikar for Guten god,
til kaat um Synd han drøymer;

eg bind hans Hug, eg eldar hans Blod,
og seg og si Møy han gløymer.

Halvnaki Heks.

Paa Viddi med meg flyg tryllte Gut,
til Hold og Heile blotnar;
sistpaa sit han i einsleg Sut
med Reivar um Arm og rotnar.

Brilleheks.

Eg vil at Live visnar i Knupp;
daa skal me snart oss hevja;
eg vekte Kvinna or Svevnen upp
og lærde henne krevja.

No gjeng ho sterk sin Krevjarveg;
ut vil ho alting teiga;
og berre daa vil ho gifta seg,
naar Mannen vil Baani eiga.

Trollmann med ein Bolle.

Skal Mannen til Gagns me gjera tam,
so maa kje Øle dovna;
med det eg trollar Viljen lam,
for det maa Vite sovna.

Naken Trollmann.

Med friske Arbeid og jamne Trott
vert Mannen oss altfor hardbeitt; —
eg lærer Folk aa liva godt,

fyr Løni dei upp hev arbeidt.

Trollmann med ei Øks.

Bygd mod Bygd av blide Kaar
eg saman paa Kniven jagar;
og alt dei avla i otti Aar
er spillt paa otte Dagar.

Trollmannen Likeglad.

Det lite er um den sterke Kar,
naar av han høgger Neven;
eg preikar Fred i Hønsegard,
fyr eg hev bunde Reven.

Trollmann med eit Ris.

Eg trollar i Haug dei leikande Smaa'
og klæd dei i Trælebroki;
naar ut dei kjem, kan dei inkje sjaa;
eg batt dei for Augo med Boki.

Trollmann med ein Sekk.

Av Synd og Sorg er Sekken full,
som tung meg tyngjer Herdi;
med Laas og Lekkje av Sylv og Gull
eg trollbatt heile Verdi.

Armod vesal i Villa gjeng
og Sjæli or Skinde plagar;
Rikdom vrid seg i Puteseng
og rotnar av gode Dagar.

Trollmann med ei Svepe.

Eg vil rikja og eg vil raa,
og eg vil for alle tenkja;
der eg gjeng fyre, skal alle gaa;
sjølv vil eg i Brodden blenkja.

So døyver eg ned det sterke Liv,
som vil seg sterkare strida;
eg trollar Bygdi mi dau og stiv,
at ingen meg veks ved Sida.

Trollmann med tvo Andlit.

Eg manar Elvi til stilt aa staa
og bind i Skoming Døgre;
eg vil baade fram og attende gaa
og baade til Vinstre og Høgre.

No stend mi Bygd som den stille Dam
med Rôt og rare Dyr i;
ho sig ikkje att, ho vinn ikkje fram;
snart er ho berre Myri.

Hesteskjerar.

Smaamann skal ha det store Rom
og styra paa Smaamanns-Gjerdi;
daa dreg han alt ned i Armodsdom,
og det vert trongt i Verdi.

Og den, som var skapt til veldigt Verk,
skal sitja blid ved Rokken;

vert blaut som den andre Flokken.

Aale-Trollmann.

So mang ei Uferd eg Arming fór;
no treisk eg med Trollkunst fiktar;
Split eg vekkjer med range Ord
og Vildring, naar braadt eg sviktar.

Kan ein kje vinna i open Strid,
so kan ein som Fant seg klara;
den Visdom lærde eg Bygdi mi;
med den skal ho ille fara.

Trollmann med Muleband.

Eg lærer Folke det stille Svik,
som alltid laagare bautar;
so mang ein god Gut er alt meg lik
og tier, naar Urett brautar.

Svartebrødrar.

Me sutrar Salmar og Bøner gnêg
og mullar Lov og Vangilje,
til Folk trur dette er Livsens Veg
og gløymer Livsens Vilje.

Diger Trollmann.

Eg stor Mann um i Bygdi dreg,
men smaatt so tidt eg gjorde,
at den, som lærer aa kjenna meg,

Trollmannen Kvitskjegg.

Eg talar Taake med Vismannsgjerd,
so alle med Tyding tevlar;
dei Meining finner, der inga er,
og gjeng der dumme som Djevlar.

Dess meir dei lovar den vise Mann,
som tala det ingen visste;
snart hev eg trolla det heile Land
um til ei Daarekiste.

Liten Trollmann.

Um eg er veik, so veit eg Raad:
kvar den, som vann upp Aasen,
Finskôt eg sender or Løyndekraa
og Motbør or Skravleposen.

Ingen er so hjarteleg glad
som Smaaing, naar smaatt han fær tenkja;
eg fær dei med meg alle paa Rad,
naar stort eg med stygt kan krenkja.

Trollmannen Mystifax.

Eg kved um Blomar, eg kved um Blod,
eg kved dei blide Draumar;
eg kved og kviskrar Folk i Ro
og legg dei so i Taumar.

No sit dei baade Møy og Mann

dei drøymer seg inn i Alveland
og kan kje Live strida.

Eit Beinrangel.

Eg sender Daudskôt i valne Bring,
og magtlaust dei maa seg bøygja;
dei ser seg leie paa alle Ting
og legg seg til aa døya.

— — — — —
— — — — —

*

Fanden priser med Fagnad stor
sine Tenarar gode;
«held De fram, skal Live paa Jord
vel sjaa sin Aftanrode.»
Rundt han svinsar og hev eit Ord
til dei alle.

Kvar daa fær sig eit Svoelband
til Stas paa Kjoleborden;
d'er det største, som vinnast kann:
den høge Langrove-Orden.
Naadig nikker den svarte Mann
til dei alle.

Men Ære den, som Ære bør;
best skal den beste beita:
ein vert Riddar og ein Kommandør;

men Basen fær Storsvins heita.

Fanden helsar med lyfte Klør

til dei alle . . .

Ein Søkjar.

Fram kryler ein kaapeklædd, gullkrynd Mann

med Reiv um sin bøygde Skalle;

Kaapa er sulka, som hadde han

i djupaste Dye falle.

«Aa Helvit-Herre, aa høyr mi Bøn!

Eg er ein Konge i Pine,

og deg eg søkjer um Hjelp og Løn,

for no er eg ein av dine.

Mange lika den lette Leik,

eit rolegt Land aa herja; —

eg gav meg Fanden og mansleg sveik

det Folk, eg skulde verja.

Men sidan rædde dei burt seg dreg

og lite signar Verke;

og Folke stirer stygt paa meg;

det ser Forrædar-Merke.

Aa tak det av meg, eg bed deg blidt,

du Overherre sanne!

so atter eg kan lyfte fritt

mi høge Herskarpanne!»

Fanden skriv i Boki hans Namn

og flirer av Hjartegrunnen;

so tek han den merkte Drott i Famn
og kysser han glad paa Munnen.

«Meinsvoren Munn hev ein Svovelsmak,
som altid eg lika kunde.

Og væl vere deg, som bar mi Sak! —
Eg trivst, der Folke er bunde.

No stend du skriven med Judas inn;
det er den øvste Æra.

Men Svidemerke paa Skallen din,
med det kan eg Inkje gjera.

Det maa deg fylgja i Liv, i Grav,
i Soge og Skuggeheimar;
d'er slik, det kan ikkje skollast av
i alle Helvites Eimar.

Men vil du ha Ros for ditt Svikarverk
og Reiven av Skallen binda,
so samla um deg det verste Herk,
du kan i Lande finna!

Samla um deg Prestar og Pakk,
som lærde Lygn aa sanna! —
Dei kved deg i Kyrkja Pris og Takk
og høge Hosianna.»

Høg Gjest.

Fram rid Beingrind paa blakke Hest,
svart er hans Kaape sid;
Sigden ved Sida han væl hev fest,

Nikkar til Fanden med Breidflir blid

gjenom Notti.

«Høh, høh,» haast han kremtar,

«kvatan Kveld i Lage.

Her eg helst vil vera;

gjæve! gjev meg Sæte.»

Fanden av Stol seg lyfter,

tek seg aat Panne-Reimi:

«Herre Bror min, vælkomen til!

Sit millom oss som heime.

Rettno byrjar me Dansen vill

gjenom Notti.»

«Høh, høh,» hostar Dauden;

«all Tid eg deg elska.

Trøytt eg Træl maa fara

Verdi vid igjenom,

harm min Herre tena,

Rom aat Live rydja.

Aldri Løn eg aatte;

faafengt maa eg fikta;

alt eg av kan øyda,

verre veks det sidan.

Her min rette Herre

kjær eg atter kjenner;

her kan heil i Hugen

«Meir en gjerne,» kved Fanden i,
«unner eg deg ein Leik;
tidt og ofte paa Ferdi di
Vegen du for meg veik;
sende meg snøgg so mang ei god Steik
gjenom Notti.

Kvar Gong, du hogg den unge Kvist,
kan eg min Bate finna;
saman med deg, det vonar eg visst,
skal me vel ein Gong vinna.
No skal me dansa forutan Tvist
gjenom Notti!»

Troll-Dans.

Det klakkar i Berg og Bru
av Hov og av Heste-Sko;
det traavar um Stein og Stuv,
det trippar av Klauv og Klo;
og som naar Vindkast av Kam
set Skodda i Flôg og Flaum,
so yrer Trollstimen fram
i veltande Straum . . .

Det ringlar i rusta Laas,
det piper i To og Kluff,
det yler om Egg og Aas,
det plistrar i kalde Luft;

det kvin og skrik yver Hei;

det er den Helvites Slaatt,

som jagar den ville Skrei

i Dans gjennom Nott . . .

Og rundt i Vilske det gjeng

med Rop yver Stokk og Stein;

det svingar med Svans; det sleng

med Høver og Daudingbein;

og gnellande Heksemaal

syng Visa til denne Vals

med Skratt og kaatgalne Skraal

or remjande Hals —:

Det var Troll til Troll

i sitt harde Hold,

det var Troll til Klo,

denne Kloveberg-Gro;

ho trolla ein Gut,

ho trolla 'n Knut,

ho trolla Guten galen.

Og Knut'en vart sta

og vilde ho ha,

og sulla i Sveim

og drog henne heim;

og Resten — hi-hi!

til Presten — hi-hi!

Det lo i heile Dalen.

Men daa vart det Dans,

daa ho fyrst var hans;

ho banna og beit,

ho slo og ho sleit,
og leika paa Voll
med sitt Kloveberg-Troll,
so baade det lo og leet.
Og Baani hans Knut,
dei valde ho ut
og gjødde dei vel
og stakk dei ihel
og sette dei fram
med Drykk og med Dram
for Knut'en, som aat og greet.

Men lei ho vart til sist
av all den Tvang og Tvist;
der var kje Ro
for Rove-Gro,
um baade ho gól og grein.
Ho stengde Knut'en sin
i svarte Kjellar inn
og sette Eld
paa Vegg og Tjeld,
so høgt det til Himmels skein.

Haa, haa, kor det brenn!
Sjaa kor Logen stend!
Her reier me Seng,
du Kloveberg-Dreng!
Her luktar det heitt,
her luktar det feitt,
her steikjer me Flesk til Joli.
Kom Haugkall or Hi,

kom Djevlebukk kaat

og leika paa Trôt;

kom Rise or Slott,

her fær du det godt

og varmt som Smør i Soli. — — —

Veslemøy fæler. So stygg ein Song

aldri hørde ho nokon Gong.

Men Trollskapen lær og dansar.

Flyg og flogsar med Staak og Styr

som galne Dyr.

Djevlar i Lufti tullar og flyr

med Smell og svingande Svansar.

Nordljøs sløknande skjelv og skin.

Vinden tyter, og Slaatten kvin

igjenom dei myrke Klufter.

Kvin og yler med Skrik og Spott

villt gjenom Nott;

Trolldansen tumlar seg graatt-i-graatt

yver dei nakne Tufter.

*

. . . Nye Tonar vaknar og skjelv.

Syng som Sus av den svævde Elv

i drøymetunge Næter.

Døvyt det klunkar som Tussespel

i tronge Gil;

og mjukt i Notti græter.

Fram dansar den Haugkall fager og blaa
med Gullring um Haare, som fløymer;
han giljar for Veslemøy til og fraa,
og Tonar ikring honom strøymer.

Aa hildrande du!

Med meg skal du bu;

i Blaahaugen skal du din Sylvrokk snu.

Der skal du hullast av Laat og Leik
og fager i Dansen skrida,
og gløyma alt, som saara og sveik,
og aldri lengta og lida.

Kvart Ynskje du daa

i Fagnad skal faa,

og Møyarne mine deg tena maa.

Den eine reider ditt brune Haar,
den andre bind det i Knute;
den tridje Sylvkruna til deg naar;
den fjerde jamnar di Pute;

den femte so linn

deg Solarne bind;

den sette veiftar ditt mjuke Kinn.

Den sjuande spelar den Lange-Leik

den ottande snur deg den søte Steik,
med' Øle i Staupe brusar;

dei andre i Krans

seg svingar i Dans

og hullar og lullar din Hug og Sans.

Den niande lint dei Lokkarne kved
um Møyar og giljande Sveinar;
sjølv gjeng du Dronning i Dansen med
i Glans av glimande Steinar.

Og ingen som du

seg fagert kan snu,

og ingen so lett traar den gyllte Bru.»

«Og lite meg lokkar den Haugen blaa
med Glans i glimande Salar;
min vene Guten eg her vil sjaa;
so song det for meg i Dalar.

Aa Guten min du!

paa deg vil eg tru,

med deg vil eg byggja og alltid bu!»

«Og vil du vita den Guten blid,
so sjaa deg att yver Herdi! —
Du ser han i Lofte med Gjenta si;
der gløymer han heile Verdi.

So hev han det godt

kvar langande Nott,

Som Steinen stend ho i Gryet kaldt,
og Hjarta stivnar og isnar;
no ser ho det væl; no hugsar ho alt,
og Verdi for Veslemøy visnar.

Ho vender seg graa.

«No kan du meg faa.

No kan eg gjerne i Haugen gaa.»

Høgt hoppar den Haugmann paa nakne Sva;
han maa vel sin Lagnad prisa.
«Men no skal du gløyma og vera glad.
Fylg med, so skal eg deg visa

min Herredom stor

i Berg og i Jord,

og Gumle den gamle med Visdomsord!»

Bergtroll.

Laagt Loft. Vidt um Veggen.

Glim av Rim og blaa Jøkul.

Skómt i Hall.

Sylv sprengt i Stein gløser,

krøkjer Krok og rang Rune.

Gufs stend som or Kjellar

kald.

Bord breidt rundt seg tøyger.

Ragge-Troll, Nase-Gygrer

Murr, Knurr, Varge-Gøying,
Grin og Glefs, Grynt som Griser
gjeng rundt i den vide
Ring.

Klo klaar Skabb og Skorpe;
Blod renn; harde rullar
Brak av Laatt.
Drjugt drikk saggne Sellar;
blidgast smaatt. Troll og Gyger
riv, gnid Trant mot Tryne
godt.

Midt paa Hallar-Golve
slaapar dauv Unge-Ætti
Hóp um Hóp.
Sein gjeng Sveivedansen.
Baste-Streng Slaatten snurrar.
Traadt dei sviv med Geisp og dauve
Rop.

Rundt i Myrke-Hólur
Binne grin, Bamse rær
elskhugs-braa.
Men med Ul og Fræsing,
Klo mot Klo, Tann i Strupe,
Uven vil arge Uven
slaa.

«Stygt, stygt laug du, Haugmann!»
Gislaug kved; «fæl meg synest

— «No i Mist tek du storleg,»

svarar snøgg blide Haugkall;

«dette er Træleflokken

min!»

«Slik Magt, — vil den træla?»

— «Magtlaust er myrke Faavit

all si Tid.

Sjølv skal her du høyra.

Røynast skal Rise-Klokskap

djupt og myrk, utan Meining

i!»

Gjeng han til den eldste:

«seg kvi saar um Vaaren

Bonden Fræ?»

— «Hæ?» — Hin uppatt fregar.

Tankefull Risen stirer.

Grin, glor med Grise-Augo:

«Hæ?»

Gjeng han til den yngste:

«seg kvi Aai lengtar

ned i Hav?»

Rise trau Trut rengjer,

lear lei lange Øyro:

«ytt som bytt, kvar ho renner

av.»

Gjeng han til ei Gyger:

«kvifor grin Baan, naar Augo

Gygri glor: «lat det grina.»

Skjegljar stygt etter Gislaug.

Snufsar, grin, skarpt med Tenner

skjer.

«So er Træle-Ætti.

Korkje eig Jutull Spursmaal

elder Svar.

Betre no i Djup stiga,

høyra Kvad og Harms Kvæde,

olme Ord av gamle Gumle-

far!»

Gnavlehôl.

Langt inne, djupt i Skarefjell-Grunn

seg holar ein Hall av Kopar;

han kvelver irgrøn sin høge Rund

med Glim av glidande Dropar.

Eit Blaa-Skimmer gløser som halvt i Blund.

Det tiklar og siklar og renn og dryp

der rundt i Kræerne skóme;

det kvislar kvævt av Firfisle-Kryp;

det gjeng som Geisping i Rome.

Der Lyngormen søv med sin Spord i Glyp.

Her inne i løyndaste Myrke-Kraa

sit Gumle i Tiderne lange.

Som turre Tre-Rot han er aa sjaa

med Lemerne vredne og vrangle.

Um Hausen gror Steinrot og Mose graa.

«Du Gumle gamle i Gnavlehô!»

kved Haugkall med Mæle skrinne;

«du vakne og mumle ditt Gumle-Maal!

det maa ikkje gaa av Minne.

No Ungdomen kved berre Rask og Raal.»

Daa dreg det upp som Klokke til Slag

i Halsen visne og turre;

det gnidkar og gneg som Bor og Sag

og mêl som i Katt og Knurre.

Og Gumle-Maal losnar i lange Drag.

Gumlemaal.

Maal kved Gumle

um Gamle-Æva.

Daa raadde Risar

Heims-Ringen.

Notti laag

nifs yver Land.

Inkje Maane.

Inkje Stjernur.

Nordskin braga

um breie Bræ.

Dal og Dokk

i Duld drøymde.

Godt var daa

i Leik ganga,

Berg sprengja

og Eld spruta,
Storm reisa
og Hav røra,
Is tumla
med Tore-Dunder.
Godt, godt
i Strid gamast,
Ragg riva
og Rygg brjota,
Skallom skurast
og Honnom hoggast,
med Klo klorast
og Øyro klaa.
Godt, godt
aa dauv døsa.
Lat i Logn
Labb liva.
Yrkjelaus
inkje ansa.
Mett og maggen
sova i Mak.

Aldri Uro
av ljose Eimar.
Aldri Sol
i saart Auga.
Ingen Vokster
i vide Dalar;
ingen Os
av Aare-Eld.

Dag sov

Daude-Svevnen.

Rim kvitna

um Rise-Heimar.

Land laag i Logn,

Rike i Ro.

Tidi stod.

Alt tagde.

Au! Au!

Øyest Alder.

Au! Au!

Utid veks . . .

Alv vaks.

Æser kom.

Sol vakna;

Dag vigdest.

Ned seig

Nivlheims-Nott.

Oll var

Rise-Æva.

Vinter leid;

Vaar vermdest.

Is flotna.

Foss fløynde.

Gror grodde.

Grønt grodde.

Skog tettna

i Taake-Lider.

Menn vaks.

Møyar vaks.

Eld eima

paa sotad Aare.

Staal skar

skrinne Voll.

Fram seg grov

grønkande Grender.

Sol seig,

Sol steig;

Dagen raadde

Heims-Ringen.

Tid tøygde

lange Tankar,

meda Maal

og Raad og Rekning.

Ufred! Ufred!

Aand! Aand!

Merk, Ungdom,

Skilje-Ordi! —

Alt av Aand

vil upp og fram.

Alt av Troll

vil trygt sitja.

Jutull jagad

i Berg gøymdest;

kraup i Kraa

lite kry.

Duld under Stein

han Dag banna;

nytta Notti
til Nids Verk.
Vaar han døyvde
med Vintergufsar.
Løyste Fonn
og fælt Fok.
Grov ned Grender
i Aur og Yre.
Velte Stein,
stuvad Is.
Stoggad, stengde
med Mur og Myrker.
Sky og Skodde
for Soli skaut.
Rot reiv.
Rørde Hav.
Vinter vekte,
Fimbul-Vinter.
Men Sol spratt.
Sprengde Skodd.
Braut Is,
brædde Snø.
Tinte, tekte
med Gras grøne.
Nytt leika Liv
um alt Land.
Ny skaut Skog
med sval Skugge.
Ein for ein

Sprakk for Sol.
Stokk i Stein
for kverven Hamar
og kvite Krossen.
Ein og ein
etter sit,
bunden i Berg,
bannar Dagen.
Andre, blautare,
Blod blanda,
skjemde Ætti
med Skams Gifte,
mengdest med Menn,
avla med Alv.
No er Haugtroll
i Rike Hovding.
Modlaus og mødd
minkar Lyden,
smyg smaatt
og jamt smærre.
Lite er att
av Alders Ætti;
øydte er det gamle
Graasteins Grjot.
Høyr meg, Unge,
at Hat de lærer!
Gjæve Jøtun
maa Hjelp laana,

med Lurvekryp,
Fark og Farre
or Fuskeheimar,
Gan-Trollmenn
og Galder-Hekser,
verste Herk,
som Verdi visste,
Svivesvansar
med Svartebøker,
ikkje Troll,
ikkje Menn.
Hu! Hu!
Graate-Tider!
Hu! Hu!
Gremje-Tider!
Og av alle
øvt raader
Svarte-Vimsen
or Svovel-Lande,
Halte-Fanden
med Hestehoven,
halvt Primar
og halvt Prest;
honom Herre
me no maa hylla;
han raar
Rise-Rike.
Upp, alle

upp, Vaa'ar

for Jøtun-Velde!

Ingen Rise

i Ro røyte,

fyrr av høge

Loft-Himmel

Soli raude

er ned rivi

og alt roast

i Ragnarôk!

Det snufsar stundom i myrke Ro
med Higest og underleg Hæsing;
det tøyger med Arm, det krafсар med Klo;
daa skrik det med Snerr og Fræsing:
«Uhu! her luktar Kristenmanns Blod!»

Ho raadlaus Armarne slær i Kross
um Bringa, som folnar og stivnar . . .
Fram bryt eit Brak som av Sjø og Foss,
og Dagen ikring henne livnar.
— Aaleine ho sit under Skare-Aas.

Den store Strid

No rullar Have svært mot Land

med Skum um skavlande Ryggjer

og bryt seg sprengt mot Øydestrand,

der berre Vindtroll byggjer.

Og Stormen skrik i ville Gru,

der yver Djup han jagar

med Fok og Rok um Rev og Flu

i desse haust-myrke Dagar.

Eg høyrer den villande Skræmesong

av Møy som Brimhesten rider;

ho kvad og galdra so mang ein Gong

mot Naud og Nedgangs Tider.

Det gjeng som Sorg, det gjeng som Spott,

det gjeng um Vaa og Vande;

det er den varslande Vildrelaatt,

som jagar Liv av Lande.

Og Jordi skjelv i Havsens Marm,

der bleik ho frys i sitt Snøyde;

det folnar Bø og det kolnar Barm,

det vert i Verdi øyde.

Den siste Graa-Gaas strauk mot Sud;

tungt under Sky ho kava;

alt Liv i Hi og Vinterbu

vil ned og burt seg grava.

Lauvsblokka rustnar i livde Lund

og ryk av sinom Kviste;

det vart so syrgjeleg stutt ei Stund,

til ho sitt Ynde miste.

Paa Vollen blømde Blomar smaa',

so sælt mot Soli nøydde;
no er der ingen meir aa sjaa.
Dei folna burt og døydde.

So døyr det burt i den unge Barm,
so folnar Blom og Blide,
naar Saknad slökkjer Voni varm
med Taarer salte og stride.

So døyr det burt, so døyr det ut,
mit Liv med alt, det drøymde,
naar Elskhug vendest til Harm og Sut,
og Guten burt meg gløymde.

No er her sturt, no er her kaldt,
og Stad og Stund meg møder;
mi svikne Von tok fraa meg alt,
og Hjarta svider og bløder.

Og Have rullar svært mot Land,
og Regne driv mot Rute;
det syng og susar um Øyde-Strand,
at no er alting ute.

Raadlaus.

Aa gode min Gut,
aa vene min Gut,
nei burte fraa deg held eg aldri ut.
Alt dreg meg og dreg
til deg og til deg,
og kor eg vil gaa,
eg minnast deg maa,

— Aa, aldri meir kan eg trivast.

Aa snille min Gut,
aa gjæve min Gut,
for deg so gav eg min siste Klut.
Ja var du meg god,
so gav eg mitt Blod,
og var eg ditt Viv,
so gav eg mitt Liv,
um deg eg fekk fri av den minste Sut.

— Aa du, som eg trudde av Hjarta!

So trygg og varm
i din gode Arm
eg gløymde Sorg og eg gløymde Harm.
Men aldri meir
eg finna deg maa,
og aldri meir
deg i Augo sjaa,
og Graaten brenn i min kjøvde Barm.

— Aa nei! at du kunde svika.

Kor skal eg meg snu;
kven skal eg vel tru;
eg finn kje Veg og eg finn kje Bru.
Alt vendest til Naud,
eg ynskjer meg daud;
kor skal eg vel av,
utan djupt i Grav;
for alt, eg hadde, so var det du.

— Aa! — aldri ein glad Dag meire.

Den som fekk gløyma.

Den minste Minning, eg um deg møter,
so tungt det tek meg, so saart det grøter;
det minste Orde, eg høyra maa, —
med Hjartegraat gjeng eg derifraa.

Eg skulde aldri den Suti gøyma,
naar so det var, at eg maatte gløyma;
eg skulde aldri gaa sjuk i Kring,
naar eg fekk gløyma den eine Ting.

Kor hev det seg?

Kor hev det vorte Veslemøy no.

Eg kjenner meg ikkje. Eg var ikkje so.

Eg gjekk her trygg og tulla og sprang
og visste kje av, at Dagen var lang.

Det er som ein Draum, naar eg tenkjer paa
den Tid, eg kan ikkje meir forstaa.

Den same gjeng eg, i same Ferd,
men d'er som eg var i ei onnor Verd.

Alt ser eg og hugsar, som daa eg saag;
men stur er eg no, der fyrr eg var fjaag.

Alt er det gamle, i Hus og Gard,
men annleis, annleis en fyrr det var.

Heimen ligg paa den same Flekk;
ho Mor gjeng tuslar, som fyrr ho gjekk.

Men tom stend Heimen forutan Ord,

og framand vart mest mi eigi Mor.

Framand er Hei og framand er Myr;

framand tykjest meg Katt og Kyr.

Framandt glor det sin eigen Veg;

vil meg kje noko. Kjenner kje meg.

Stova gleiner so kald og graa;

audt og stuslegt det er i Kraa.

Som vali gjeng eg paa Hand og Fot;

alt fell meg so tungt. Alt er meg imot.

I Glaskarmen heng eg og stirer stur,

lengtar, lengtar som Fugl i Bur.

Men ingen aa sjaa paa Veg elder Vang. —

Jau no hev eg lært, at Dagen er lang.

Aa, denne Heimen so god og kyrr;

aa, her, som eg treivst so hjarteleg fyrr!

— Nei Mor; eg kan ikkje vera glad.

Hugen min er paa ein annan Stad!

Vinter-Storm.

Aa lat det bura og lat det braka,

lat Huse rista og Tufti skaka!

Lat brotna alting, som brotna kan!

Det døyver Tankarne litegrand.

Um Stormen tok baade Hus og Hytte, —

det vart eit Bél, daa eg mindre sytte;

um Jordi gav seg i djupe Grund, —

Um Sky datt ned, som paa Himlen flakkar,
um Have braut yver alle Bakkar,
ja um all Verdi seg søkkte ned, —
so var det slutt og so vart her Fred.

I Kyrkja.

Eg sit i Kyrkja som Snikjegjest;
eg gløymer Gudsord og gløymer Prest,
— eg arme!

Eg lesser Synd etter Synd paa meg,
for um eg ein Glimt kunde faa av deg.

Og naar eg ser deg, eg veit meg knapt;
det bløder i Barm; eg er som fortapt
— eg arme!

Alt vert for Augo til Glim og Glo,
og Voner vaknar i varme Blod.

Men er du burte, ligg alting audt;
det sloknar i meg og kolnar daudt,
— eg arme!

Eg dreg meg heim i Modløyse matt,
og Tankar vilddrar som Sky i Natt.

Og ser eg henne, som sit so trygg
langt framme der med sin breide Rygg,
— eg arme! —

daa veit eg kje meir, kva eg tenkjer paa . . .

Eg skvett og vaknar, naar Folk vil gaa.

Ein Bele.

Det kryp ein Haugbuk fram under ein Stein.

Han hev Honn i Skallen og Bukkebein.

Og aldri saag du so langt eit Skjegg;
det rekk midt nedpaa hans magre Legg.

Og aldri saag du slikt Skrukkeskind;
det valkar seg ut og det snurpar seg inn.

«Her bykste eg rundt i nihundrad Aar;
men aldri veit eg so varm ein Vaar.

Og aldri veit eg so vent eit Viv;
men her gjeng du Gjætar og Sauer driv!

Ja her du gjeng i ditt attande Aar,
og enn maa du bera ditt Gjente-Kaar.

Men daa maatte Verdi seg um ha skift,
um ikkje du skulde snart bli gift.

Og daa maatte Verdi ha skapt seg paa Tull,
um ikkje du fanga Gard og Gull.

Men høyr ikkje paa denne Blaahaug-Kallen;
slik Jypling, som ikkje hev Honn i Skallen!

Og høyr ikkje paa denne Blaahaug-Krok;
slik Arming, som eig knapt si eigi Brok!

Tru kje paa det, den Ljugaren kvad!

Mor hans gjekk haug-imillom og bad.

Men vil du, so er eg den Guten gilde,
at snart eg skal gjera det helst du vilde.

Gjev meg den Duken, du ber um Barm;
av den dreg eg ut din heitaste Harm.

Av den dreg eg ut ditt tærande Hat;
det fær ho um Kveld til Salt i sin Mat.

Daa ligg ho i Morgo og ille læter,
men tagnar — so væl — um tolv-trettan Næter.»

Veslemøy løyser det lette Plagg;
daa stansar ho braadt; ho kjenner eit Agg.

Skal ho? Vil ho? — Dette er stygt.
Daa riv ho det laust og gjev han det snøgt.

«Hehe!» mekrar Trolle med Gledefakter;
«men Løn eg tek for dei Natte-Vakter!

Naar Drosi fraa Aas til Kyrkjegard dreg,
daa rid ho Veslemøy Brudferd med meg!

Men aldri so vere du syrgjefull!
Eg klæd deg upp i det skinande Gull.
Eg vil ikkje skryta; eg er ikkje kaut;
men paa Fjose mitt hev eg tolvhundra Naut.

Griser hev eg som Stein i Strand;
Smalen min aldri eg telja kan.

Land eg eig fraa Hav og til Bræ.
Og er eg rik, er eg fager med.

Horn hev eg framme som drusteleg Dreng,
og bak hev eg og det eg tarv og treng.

Eit betre Gifte du aldri naar:

rik Mann og gild, i dei beste Aar!»

«Eg vil ikkje! Nei; ho skal ikkje døy!»

ropar angrande Veslemøy.

Til Gud ho bed og slær Kross for seg:

«gjev meg Duken og drag din Veg!» —

Burte er den byksande Svein;

Duken ligg att ved den graae Stein.

Duken ligg att paa den Tuvebanke.

Veslemøy skjelv for sin vonde Tanke.

Uro.

Kor skal det gaa meg, naar Gud eg gløymer,

og Hjarta sjukt seg i Elskhug drøymer?

Kor skal det gaa meg so sant og visst,

naar burt meg sjølv eg so reint hev misst?

Og aldri kan eg meg atter vinna,

og aldri meir kan eg til meg finna;

so væl er stengd baade Von og Veg; —

eg maatte finna meg sjølv i deg.

Bøn.

Aa hjelp meg du, som hjelpa kan!

Du ser, kor saart eg strider.

Mitt Hjarta trøytt i tunge Band

forutan Von seg vrider.

Mi Naud eg ei kan ut faa sagt;
det vonde fekk so stor ei Magt;
som Brand i Barm det svider.

Ja hjelp meg du, som hjelpa kan!

Med mi Magt snart det ender.

Du stridde sjølv og yver vann;

du Myrke-Magti kjenner.

Mi Naud er stor, min Strid er fæl;

ver hjaa meg du, som vil meg væl!

Daa veit eg, alt seg vender.

Paa Vildring.

Lange Tiderne sig og skrid;
det gjeng paa Trôt og paa Tjon.
Gud hjelpe den, som i Sjælestrid
slepper si gode Von!

Vinter ligg yver Verdi aud;
han vil seg full' aldri snu.
Gud hjelpe den, som i Sjælenaud
slepper si gode Tru!

Veslemøy trøytnar i tunge Kav;
so stor henne Sorgi veks;
ho misser sitt Mod, ho vildrar seg av
og gjeng til den blide Heks.

Den blide Heks ho um Notti finn:
«Du Heks! No kjem eg til dykk.
Eg skal meg skriva i Boki inn;

Ein Drykk, som Hugen kan venda braadt
for min Gut til hans rette Møy!
Eg vil han eiga ei einaste Nott
og so i Djup-Hølen døy.»

Blidheks myler og hengjer paa
Seidkjelen svidd og svart:
«he-he, den Vegen det lett vil gaa;
men slikt gjer eg aat full' snart.»

Ho drøyper av Horn, ho blandar av Glas
med Mumling og mange Læte;
ho mengjer Røter og Løyndegras
i nordan-rennande Væte.

Kjelen sjoar med Kvink og Klukk,
Heksi galdrar og syng:
«no syd eg Taarer, no syd eg Sukk,
no syd eg den Hjarte-Styng.

Eg syd det kjætande varme Blod,
som brenn etter kjælne Gut;
eg syd med Galder, eg syd med Glo,
eg syd med Eiter og Krut.»

Ho vekkjer Blod av Veslemøys Barm
og droplar Droparne tri.

Ho tek sin Trollkatt paa hærde Arm
og blandar av hans upp-i.

«Eg manar for Svik, eg manar for Mein;
eg manar med Maatt og Magne;

dei falske Hugar tagne!

Eg galdrar for Jon i Skarebrôt,
eg galdrar med Sô og Søy;
du Drykk! du vende den Hugen kaat
til Gislaug, hans rette Møy!»

Kjelen sprutar med Os og Fræs,
Eimen stend gul i Tak;
Heksi sputtar og blæs og les;
det gjeng um Nôverne Brak.

«Tri Gonger tri! I Namn av den,
som eig det svarte Velde!
Satanas! Satanat! — Hui! Det brenn!
— No er de baae selde.» —

Heksi lyfter den svidde Hand,
og alt er stilt som Grav.
Daa kjende Gislaug, at Rædsla vann;
det var som ho svimra av.

Alt vingla og vipa og rangt seg vroid;
det dansa Golv og Gruve . . .
Ho fann seg kje att fyrr langt ut i Hei,
paa Sprang yver Stein og Tuve.

Ho vaknar.

Daa vart det sagt eit lite Ord;
ho hørde grant, det kviskra Mor.
Daa vart det stilt i Bringa.

Kva hev ho tenkt? Kor vil ho gaa?

Ho aldri meir kan Mor si sjaa.

Her er kje langt aa tinga.

Ho maa i Hølen springa.

Ho stend som sprengd av Synd og Skam.

Daa stiger stilt ein Skapnad fram,

meir kvit en alle Fenner.

Rik fell den ljose Kaapa ned.

Veslemøy sig med Rop i Kne.

Fram gjev ho rædde Hender; —

si Syster att ho kjenner.

«Aa kjære Syster, sæle Møy!

aa hjelp! no maa eg Dauden døy;

eg gav det vonde Magti!

Eg ligg i Synd og Satans Vald.

Han hev paa meg so fast eit Hald.

Eg somna av paa Vakti;

eg svor den vonde Pakti!»

«Vend deg til den, som Sol hev skapt.

Enn er du ikkje reint fortapt,

du arme Syster kjære!

Reis deg med Magt og ut deg rykk!

Gjev att, gjev att den Synde-Drykk!

Det store Taal du lære!

— Du ut er vald til Ære.»

Burt sloknar Syn og stille Kvad.

Men Gislaug stend i Hjarta glad

med Von og Vigsels Taare.

I svære Strid ho yver vinn.

Det vaknar Mot i mødde Sinn.

Ut, ut av Fall og Faare! —

Høgt bed ho Fadervaare.

Dei trøytt Føter Veggen snur.

Ho finn det svarte Heksebur,

og Døri upp ho river.

«Eg vil kje eiga Hjelp av deg!

Eg vender um fraa denne Veg!» —

Og Flaska inn ho hiver,

so Glo og Gneistar driver.

Ei svær Stund.

Den lange Vinter lakkar;

han syng paa sin siste Sull.

Det brunkar i kvite Bakkar,

og Aai fløymer full.

Med Hjul maa bytast Meiar

paa Veg og Køyrefar.

Det driv med Regn i Heiar

og yver den graae Gard.

Der inne i gamle Stova

paa Sengi høg og mjuk

maa Gislaug ørski sova;

so braadt ho lagdest sjuk.

Ho søv til Syrgjelundar,

som døyvt gjennom Huse smyg;

so læt det med mange Munnar,

Ho søv til Syrgjetonar
av Vestan-Sôg og Tôt.
Ho trur og visseleg vonar,
det er hennar Likferds-Laat.
Naar Guten, ho sorgfull misste,
rid Brudgom med falske Viv,
han møter den svarte Kiste,
der Gislaug ligg kald og stiv.

Men Svevn vil Ungdom styrkja
som Notti den spede Knupp.
Daa Guten rid til Kyrkja,
daa stend ho Gislaug upp.
Ho sit ved grøne Rute
og ser yver Vegen nord; —
det glytte med Sol der ute,
daa Brudferdi framum fór.

Aat Sengi att ho vender;
ho vart so arm og veik.
Og heite Taarerne brenner
ned yver Kinni bleik.
Ho vrid seg Næter og Dagar
og inkje Kvild kan faa;
so saart ho kvider og klagar,
at lenger ho liva maa.

Med Hagl og Holke-Splinter
og Isvind og Drivesnø
den sture Ettervinter

Det er so vonde Tider
med Skifting att og inn; —
det er dei siste Strider,
fyrr Vaaren kjem og vinn.

I Blaahaug.

Vaat heng den tunge Lufti.
Det dryp av Kvistar og Runnar.
Myrkeskodd velter ollande inn
or Hav og Himmel-Grunnar
som Skuggen lett og som Notti stinn.

Burt kvervest Taarn og Tufter
og Haugar og alle Bøar.
Som gløipt og gøymt av dei store Votn
ligg Land under Taakesjøar.
Alt er som laag det paa Havsens Botn.

I lyngsvarte Markjer inne
Veslemøy Smalen sankar.
Eit Havbrak susar fraa Vestansjø
med Tôt og tunge Tankar.
Ho glett i Holke og Flekkesnø.

I Skodda inn ho hildrast
og um paa Villheii tumlar;
dregst av Rop og flakkande Ljom
og Gulp, som or Aai mumlar.
Det vaknar og liver med Tussedom.

Upp or dei djupe Hyljar

stig som glidande Skuggar

Nøkken blaa paa sin halve Hest

og Vasstroll med vaate Luggar.

Dei okar seg fram som dei orkar best.

Or Haug og blaae Heller

rid lange Rader og Reider

fram yver flekkutt Grôvemyr

og inn dei lange Leider

med Om av Ringling og Rop og Styr.

Som der ho gjeng i Draumar

og slitst av dei saare Minne,

so stend ho uppi ein Alvedans-Ring

og er der som mana inne

med Skodda tett som ein Vegg i Kring.

*

Vâr ho lyfter si Augne-Brun;

daa er ho innpaa eit Kongsgards-Tun.

Still ligg Garden i stengde Trygd,

maaneskinsljøs, i ein Firkant bygd.

Tune er som ei Mose-Eng;

Svalgangar breide ikringum gjeng.

Rausti er blaae med gylte Flak;

Sular av Sylv ber det høge Tak.

Bogar svære Sularne bind;

d'er Orm og Drake, i Bugt seg vind.

Slotte lyser, i Høgdi strekt,

Taarn seg lyfter med Glim og Tir;
Gullhanar glor paa dei høge Spir.

Som der ho stend, fortenkt og fortryllt,
er heile Tune av Hoffmenn fyllt.

Det lyser av Gull, det glitrar av Stein;
det ringlar med Perlur og Elfenbein.

Fagre Møyar i kvite Lin
av Sylgjur og Lad og Gulldobbar skin.

Daa tinklar det stilt som Bjøllur smaa',
so vent, at Veslemøy graata maa.

Og upp det stryk med so vill ein Slaatt;
Veslemøy er millom Graat og Laatt.

Sist kjem det ein Lund so sæl og so blid;
ho var kje so glad i si heile Tid.

Fram dansar dei Møyar i ljose Rad:
«her kan du alltid faa vera glad.

Der ser du Kongen; vil her du vera,
skal Dronning-Krone og Krans du bera.»

Veslemøy ser den Haugkallen blaa
Konge staut i Svalgangen staa.

Kruna lyser som raude Glo;
Purpure er som det heite Blod.

Kongsstaven skin av brennande Stein,
som Elden gul og som Logen rein.

Herleg er Kongen, fager og gild; —

all denne Stordom ho eiga vil.

Dansen gjeng yver Tune kaat;

Tonarne lokkar som Felelaat.

Aldri var ho so ør og glad; —

daa Møyarne spurde, so svara ho Ja.

Det er dei Møyar i kvite Lin;

dei flir henne Staupe, breddfullt med Vin.

«Drikk, so opnar seg Kongens Borg!

Drikk, so gløymer du all di Sorg.

Drikk av Staupe, og drikk det ut!

Daa gløymest den hardaste Hjartesut.

Tenk deg kje um, men gjer som me song!

No bydst deg dette for siste Gong!»

*

Veslemøy bleiknar um brune Kinn;

det gjekk henne kaldt gjennom Hug og Sinn.

Veslemøy bleiknar um brune Vangar;

Tanken vaknar, og Minne fangar.

«Skal burt eg gløyma mi Hjartesut?»

— «All di Sorg den sløkkjer me ut.»

«Sløkkjer de Elden, som heitast brenner?»

— «Naar Staupe er tømt, du inkje kjenner.»

«Ja vil de sløkkja den Suti heit,

— den kan eg kje missa for alt eg veit.

Og fyrr eg vil sleppa den Suti hard,

fyr gjeng eg og bed meg i kvar Manns Gard.

Og fyr eg vil gløyma den Sorg, som brenn,
fyr gjeng eg som Narr i mi heile Grend.

Ja fyr eg vil gløyma Guten, eg fann,
fyr gjeng eg Fanteferd Land og Strand!

Ingen annan fær meg i Famn; —
no riv eg meg laus i Jesu Namn.»

— Alt er burte. I Skodda sansar
ho just som ein Skimt av kvervande Svansar.

Fri

I Notti still, ved Sengjekraa
Veslemøy ser eit Kvende staa
i lange, myrke Klæde.

Hjaa henne ser ho Syster si
fager og ljøs og aalvorsblid
med Smil av heilag Glede.

Ho kved so lint eit Kvæde:

«Statt upp, statt upp, du Syster kjær!

No er du løyst til betre Ferd.

Høyr, Helgeklokka klingar!

Fraa alle Troll du laus deg vann.

Og i di Sorg deg sjølv du fann.

No upp mot høgre Ringar

din styrkte Hug seg tvingar.

Kom, følg oss paa din nye Veg,

til Ljos og klaare Dagar!

Den Stig er bratt, den Veg er lang.

Men ingen angrar denne Gang.

Um trøytt du stundom klagar,

til sist seg alting lagar.

Her ser du Vidsoms Vølve staa.

Ho vil deg gjeva djupt aa sjaa.

Ho vil di Fylgje vera.

Ho bêr deg gjenom Helheims Gôv.

Der skal du skimta Livsens Lov

og gjenom Rædsle læra

det Verk, du hev aa gjera.»

Arne Garborgs *Haugtussa* er lastet ned gratis fra bokselskap.no